



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Barneperspektivet og barns medverknad i barnevernet og NAV – ein kvalitativ intervjustudie.

The child perspective and children`s participation in CWS and NAV – a qualitative interview study.

Anne Vibeke Barkved

Samhandling innan helse- og sosialtenester MS1-307

Høgskulen på Vestlandet, avdeling for helsefag

Rettleiar: Tone Jørgensen

Innleveringsdato: 01.12.2021

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Eg kan nå sjå tilbake på ei krevjande, interessant og lærerik periode som har resultert i at eg endeleg kan levere mi masteroppgåve. Det har tid tider vore overveldande, og eg har mange gonger vore frustrert. Likevel har det vore utruleg spennande, og eg kan nå sjå tilbake på perioden med stoltheit over at eg greidde det.

Perioden har vore prega av korona-pandemien, noko som gjorde det ekstra utfordrande å gjennomføre intervju. I tillegg vart det lite fysiske treff med mine medstudentar, noko som har vore eit sakn. Digitale treff har likevel vore ein god erstatning.

Først og fremst vil eg rette ein stor takk til alle mine informantar i NAV og barneverntenesta som bidrog i oppgåva mi. Takk for at de tok dykk tid til å stille opp til intervju, og for at de har delt av dykkar erfaringar og kunnskap med meg.

Eg vil rette ein stor takk til min rettleiar Tone Jørgensen, som har bidratt med inspirasjon og gode råd. Takk for god fagleg rettleiing, og for at du har klart å halde struktur og orden sjølv når det har vore litt kaotisk i hovudet mitt.

Takk til sjefen min for god tilrettelegging på jobb slik at eg kunne skrive denne oppgåva, og takk til gode kollegaer som alltid har kome med oppmuntrande ord og hatt trua på meg.

Til slutt takk til heile familien min, for å ha heia på meg gjennom heile prosessen. De er best!

Sogndal, 01.12.2021.

Anne Vibeke Barkved

Samandrag

Denne oppgåva handlar om kva forhold som påverkar barneperspektivet i NAV og barneverntenesta sitt arbeid med familiar med låg inntekt. Studien er ein kvalitativ studie, og byggar på to fokusgruppeintervju med sakshandsamarar frå Nav og barneverntenesta, og to individuelle intervju med leiarane for dei to tenestene. Hensikten med studien er å få meir kunnskap om korleis barneperspektivet blir utforska i disse to tenestene, og kva faktorar som eventuelt hemmar og fremmer at barn for medverke i saker som omhandlar levekårsproblematikk. Data har blitt analysert ved hjelp av tematisk analyse.

Studien min syner at NAV innhentar barneperspektivet gjennom foreldra, noko som kan føre til at barnas behov for hjelp ikkje i stor nok grad blir fanga opp. Vidare syner studien min at barnevernet sjeldan ser familiar sine problem i relasjon til levekår, noko som kan føre til at barnevernet ikkje ser heile bilete av kva som kan skape vanskar i ein familie, noko som også kan hemme barneperspektivet. Til slutt syner studien min at begge tenestene er styrt av ulike institusjonelle logikkar som kan påverke kva syn dei har på barn, og ansvar knytt til levekårsproblematikk.

Talet barn som veks opp i fattigdom er aukande, og studien min syner at hjelpa desse barna ikkje er godt nok konkretisert eller ansvarsplassert. Dette kan føre til at hjelpa desse barna får i altfor stor grad blir tilfeldig, lite brukarstyrt og prega av lite samhandling.

Nøkkelord: *Barneperspektiv, fattigdom, levekår, NAV og barneverntenesta*

Abstract

This thesis is about the factors that affect the child perspective in NAV and the child welfare service's (CWS) work with low-income families. This study is a qualitative study and is based on two focus group interviews with caseworkers from NAV and the CWS, and two individual interviews with the leaders of the two services. The purpose of the study is to gain more knowledge about how the child perspective is explored in these two services, and what factors may inhibit and promote that children are allowed to participate in matters concerning living conditions. Data have been analyzed using thematic analysis.

My study shows that NAV obtains the child perspective through the parents, which can lead to the children's need for help not being caught up to a large enough extent by the public sector. Furthermore, my study shows that det CWS rarely sees family problems in relation to living conditions, which can lead to the CWS not seeing the whole picture of what can create problems in a family, which can also hamper the child perspective. Finally, my study shows that both services are governed by different institutional logics that can influence their views on children and responsibilities related to living conditions.

The number of children growing up in poverty is increasing, and my study shows that the help these children receive is not well enough concretized or placed in responsibility. In addition, the help these children receive, can become random, with lack of user-participation and consist of little interaction between the services.

Key words: *Child-perspective, poverty, NAV, CWS, living conditions*

Innhold

1.0 Innleiing	1
1.1 Problemstilling og avgrensing	2
1.2 Begrepsavklaring	2
1.2.1 Fattigdom i Norge.....	2
1.2.2 Nav sine rammer og ansvar for familiar med låg inntekt.....	3
1.2.3 Barnevernet sine rammer og ansvar for familiar med låg inntekt.....	3
1.2.4 Rammer og krav om samarbeid	4
1.2.5 Juridiske rammer for medverknad i NAV og barneverntenesta.....	4
1.2.6 FN`s barnekonvensjon	4
1.3 Oppgåvas oppbygging	5
2.0 Tidlegare forskning og teoretisk rammeverk	6
2.1 Innleiing	6
2.2 Tidlegare forskning	6
2.3.1 Forsking som får fram omfang og konsekvensar av å vekse opp i fattigdom	6
2.3.2 Forsking på tenesteyting inn mot familiar med levekårsproblem	7
2.3.4 Forsking på barneperspektivet inn mot familiar med levekårsproblem.....	9
2.4 Perspektiv på barns medverknad	11
2.4.1 Roger Harts “Ladder of participation”	11
2.4.2 Tredeling av barneperspektivet:	14
2.5 Institusjonelle logikkar	15
3.0 Metode	17
3.1. Hermeneutikk.....	17
3.2 Forforståing	18
3.3 Forskingsdesign	18
3.3.1 Case-studie	19
3.4 Utval og rekruttering	19
3.5 Datainnsamling.....	21
3.5.1 Fokusgrupper med kontaktpersonar.....	21
3.5.2 Vignett	23
3.5.3 Individuelle intervju med leiarar	23
3.5.4 Transkribering.....	23
3.6 Studien sin kvalitet	24
3.6.1 Pålitelegheit.....	24
3.6.2 Validitet	25
3.7 Forskingsetikk, personvern og informasjonstryggleik.....	26

4.0 Metode for analyse av datamaterialet.....	27
4.1 Tematisk analyse	27
4.2. Beskrivinga av analysen.....	28
Figur 2: NAV – Tema med kodegrupper	30
Figur 3: Barnevernet – Tema og kodegrupper	31
Figur 3: Vignettdiskusjon.....	31
5.0 Resultat.....	32
5.1 Innleiing.....	32
5.2 NAV - Informasjonsinnhentinga går gjennom foreldra	32
5.3 NAV – Mangel på tid og kapasitet	34
5.4 NAV - Fattigdom som eit individuelt foreldreansvar.....	35
5.5 Innleiing barnevernet	37
5.6 Å forstå familiars problem i relasjon til levekår	37
5.7 Barnevernet manglar verktøy og tiltak knytt til levekår.....	38
5.8 Barnevernet - Skam og tabu som barriere	40
5.9 NAV og barnevernet - Uklar forståing av ansvar	41
6.0 Drøfting.....	44
6.1 Barneperspektivet hjå Nav	44
6.1.1 Barnet – ein passiv aktør i Nav	44
6.2 Barneperspektivet i barneverntenesta	47
6.2.1 Barnevernet – vaksne bestemmer konteksten	47
6.3 Institusjonelle logikkar	48
6.3.1 Nav – ein moraliserande velferdslogikk?	49
6.3.2 Barneverntenesta – ein avgrensa omsorgslogikk?.....	51
6.3.3. Oppsummering – Institusjonelle logikkar.....	52
6.4 Drøfting av eigne resultat.....	53
6.5 Overførbarheit.....	53
6.6 Implikasjonar for praksis	54
6.7 Behov for meir forskning.....	55
7.0 Konklusjon	56
Litteraturliste.....	57
Vedlegg 1: NSD – godkjenning	62
Vedlegg 2: Informasjonsskriv	64
Vedlegg 3: Samtykkeskjema	69
Vedlegg 4: Temaguide fokusgruppe barneverntenesta	70
Vedlegg 5: Temaguide fokusgruppe NAV.....	71

Vedlegg 6: Intervjuguide leiing NAV og barneverntenesta 72

1.0 Innleiing

Denne studien handlar om medverknad for barn som veks opp i familiar med låg inntekt, og som får tenester frå både barnevernet og Nav.

Barns som veks opp i låginntektsfamiliar er aukande i Norge i dag, og talet på barn som veks opp i fattigdom har tilnærma tredobla seg sidan 2001 (Bufdir, 2018). Forsking syner at det å vekse opp i fattigdom kan få mange og alvorlege konsekvensar for barna, og ein ser at fattigdom ofte kan gå i arv frå generasjon til generasjon (ibid.).

NAV og barneverntenester er to tenester som ofte treffer låginntektsfamiliane, og dei har ulikt utgangspunkt og lovregulering når det gjeld barns medverknad. Nav er gjennom Lov om sosiale tenester spesialisert mot vaksne i vanskelege livssituasjonar, medan barneverntenesta er spesialisert mot barn, unge og familiar i vanskelege livssituasjonar (Oterholm, 2015, s. 39). I tillegg er Nav og barneverntenesta eksempel på velferdstenester som på oppdrag av staten skal gi støtte til og gripe inn i mennesker sitt privatliv (Oterholm, 2015, s.60).

I familiar med låg sosioøkonomisk status har fire gonger så stor andel av barna hatt minst eitt tiltak frå barneverntenesta, samanlikna med barn i familiar med høg sosioøkonomisk status (Kojan et al., 2021). For enkelte av disse familiane har kontakten med barnevernet ingen, eller negative verknader for barnet og familien sin situasjon, og utfordringane til desse familiane får lite merksemd i barnevernet sitt arbeid. Dette kan handle om både manglande kunnskap om konsekvensar av dårlege levekår, men også at det sjeldan blir sett inn tiltak mot sosioøkonomiske forhold i barneverntenesta (ibid.)

I NAV er det vaksne sine behov som har vore framtrødande, og barn har sjeldan blitt gitt ein moglegheit til å uttale seg om eigen situasjon, erfaringar og behov (Rugkåsa & Bergheim, 2020). NAV innhentar ofte informasjon om barnas situasjon gjennom foreldra, noko som resulterer i at NAV går glipp av viktig kunnskap om barnas situasjon slik barna sjølv erfarer den (ibid.).

På bakgrunn av mi beskriving av problemfeltet, vil det være viktig å få meir kunnskap om korleis Nav og barneverntenesta forstår sitt ansvar for å få fram barneperspektivet i deira arbeid med familiar med låg inntekt. Vi treng meir kunnskap om korleis NAV og barnevernet jobbar med desse familiane for å hjelpe dei ut av ein vanskeleg situasjon, og ikkje minst å sikre at dette arbeidet bygger på barnas erfaringar og opplevingar.

Min interesse for barns medverknad og fokus på barneperspektivet hjå offentlege hjelpeinstansar har vokse fram gjennom mitt arbeid innanfor barnevernfeltet. Eg vart kjend med Chapar-prosjektet (www.chapar.no) før eg bestemte meg for tema, og fann at ein av delstudiane der omhandla denne tematikken om samarbeid mellom NAV og barneverntenesta, og levekårsproblematikk. Chapar-prosjektet er eit aksjonsforskningsprosjekt som handlar om å endre profesjonelle praksisar for medverknad, der kunnskapen blir utvikla i samarbeid med tenester og brukarane. Høgskulen på Vestlandet (HVL) gjennomfører her ein delstudie som handlar om å utvikle betre praksisar for barns medverknad i familiar som har kontakt med både NAV og barnevernet. Samarbeidet mitt knytt til Chapar-prosjektet har vore eit tematisk samarbeid, og studien min er gjennomført som ein sjølvstendig studie.

1.1 Problemstilling og avgrensing

For å få fram kunnskap om dette temaet har eg kome fram til følgjande problemstilling:

«Kva forhold påverkar barneperspektivet i NAV og barneverntenesta sitt arbeid med familiar med låg inntekt»

Eg utarbeida tre forskingsspørsmål som avgrensa og spissa fokuset mitt:

- Korleis praktiserer Nav og barnevernet medverknad for barn i sitt møte med desse familiane?
- Korleis blir barns levekår tematisert i møte med desse familiane?
- Korleis forstå tenestene sitt ansvar for levekårsdimensjonen i møte med desse familiane?

Desse forskingsspørsmåla danna utgangspunkt for utforming av spørsmåla i intervjuguiden min.

1.2 Begrepsavklaring

1.2.1 Fattigdom i Norge

Fattigdom i Noreg kan sjåast litt annleis på enn i andre land, då fattigdom handlar om meir enn fysisk overleving. I Noreg er den generelle levestandarden høg, slik at fattigdom i Noreg handlar i tillegg til mangel på mat, klede og bustad om det å mangle moglegheiter for sosial deltaking på lik linje med resten av samfunnet (Bufdir, 2018).

Eit skilje som ofte blir brukt om fattigdom er *absolutt* og *relativ* fattigdom (Kristofersen, 2019, s. 11). I Norge nyttar vi helst omgrepet relativ fattigdom, då vi i liten grad finn absolutt fattigdom i Norge som vil seie mangel på mat, klede, bustad, arbeid, helsetenester osv. Likevel kan relativ fattigdom være problematisk nok for dei det gjeld, då ein ofte samanliknar seg med andre (ibid.). Fattigdom handlar om meir enn inntektsfattigdom, det kan ofte også handle om kva tilgang folk har til materielle

ressursar som bustad, kosthald, møblar, klede og personleg utstyr. For dei som har lite materielle ressursar, kan vi snakke om forbruksfattigdom (Kristofersen, 2019, s. 11).

Låginntekt nyttast også synonymt med barnefattigdom i Norge (Hyggen, Brattbakk & Borgeraas, 2018, s. 7).

1.2.2 Nav sine rammer og ansvar for familiar med låg inntekt

NAV vart etablert 1. juli 2006, då Reforma for Ny arbeids- og velferdsforvaltning vart vedtatt i Stortinget. Måla til NAV var å få fleire i arbeid og i aktiv verksemd, samstundes som færre skulle motta trygd og sosialhjelp. I tillegg skulle velferdsordningane være brukarretta og effektive (Chudasama, 2017, s. 19).

Noko av NAV sitt ansvarsområde er å bidra til å førebygge og redusere fattigdom, fremje sosial inkludering og byggje eit sterkare sosialt sikkerheitsnett. NAV skal stimulere til arbeid og deltaking, og skal være særskilt merksame på oppvekstvilkåra til barn og unge (Bufdir, 2018).

Formålsbestemmelsen i Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga 18. desember 2009 nr. 131 (sosialtenestelova) § 1 omhandlar betring av levekår for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk trygghet og sosial inkludering, likeverd og likestilling. Lova skal også «bidra til at utsette barn og unge og deira familiar får eit heilheitleg og samordna tenestetilbod». I utgangspunktet møter NAV vaksne, men NAV skal være merksame på barnas situasjon i alle saker som berører barn. Barnas behov skal vurderast og ivaretakast særskilt, og det er viktig at NAV tilsette skal ha bevisstheit kring dette, og naudsynt kompetanse til å stille spørsmål (Bufdir, 2018).

1.2.3 Barnevernet sine rammer og ansvar for familiar med låg inntekt

Barnevernet si primæroppgåve er å avdekke omsorgssvikt så tidleg at varige problem kan unngåast. Formålsbestemmelsen i Lov om barneverntenester 17. juli 1992 nr. 100 (barnevernlova) § 1-1 omhandlar at barn og unge skal ha trygge oppvekstvilkår og at barn som lever i risikoutsette oppveksttilhøve skal få naudsynt hjelp til rett tid. I løpet av oppveksten vil kvart tiande barn i Norge motta minst eit tiltak gjennom barneverntenesta. Mange av disse barna har fleire utfordringar eller belastningar samstundes, og ein høg andel av barn som får gjeld av barnevernet veks opp i familiar med vedvarande låg inntekt (Bufdir, 2018). Det kan være svært belastande å leve med bekymring knytt til økonomi, som kan innebere utfordringar knytt til bu situasjon, ivaretaking av barnas materielle behov, psykisk helse og deltaking i samfunnet. Det er viktig at barnevernet fangar opp dette i familiare dei jobbar med, og bør sikre samarbeid med andre viktige instansar kring familien for å sikre eigna og tilpassa tiltak (ibid).

1.2.4 Rammer og krav om samarbeid

Både lovverket til Nav og barneverntenesta har til felles at deira samla tenestetilbod skal ivareta barns behov. Barns som veks opp i fattigdom kan i større grad oppleve einsemd og utanforskap og det kan få konsekvensar for barnas skulegang og deira bumiljø. Det er også funne ein signifikant samanheng mellom dårleg familieøkonomi og psykiske helsevanskar hjå barn. Det er også funne ein samanheng om at barn som veks opp i familiar med låg inntekt har auka sannsynlighet for å få låg inntekt når dei blir vaksne (Bufdir 2018).

Det er naudsynt at ulike tenester og sektorar samarbeider på tvers for å sikre at barn og familiar med låg inntekt får hjelp. Ofte vil familiar med samansette utfordringar har behov for hjelp frå fleire instansar, og et er viktig å sørge for at innsatsen sjåast på i samanheng med familien sine behov (ibid).

1.2.5 Juridiske rammer for medverknad i NAV og barneverntenesta

NAV og barneverntenesta sine lovverk har ulikt fokus og utgangspunkt når det gjeld barns medverknad. I Lov om barneverntenester § 6-3 står det at barn som er fylt 7 år og yngre barns som er i stand til å danne seg egne synspunktet skal informerast og bli gitt anledning til å uttale seg før det blir tatt ei avgjerd i sak som berører barnet. Barnets meining skal tilleggas vekt i samsvar med barnets alder og modning. I Lov om barneverntenester § 6-3 a. er det også eit krav at barnets synspunkt og kva vekt barnets meining er tillagt, skal framgå av vedtak. Det skal også framgå av vedtaket korleis barnets beste er vurdert (barnevernlova, 1992, §§ 6-3 og 6-3 a).

I Lov om sosiale tenester står det at tenestetilbodet skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med tenestemottakar og det skal leggest stor vekt på kva vedkomande meiner. Dette har samanheng med at den enkelte er nærmast til å kjenne egne behov og kva som kan bidra til å hjelpe vedkomande ut av ein vanskeleg livssituasjon. Barns medverknad er ikkje direkte omtalt i sosialtenestelova, men er omtalt i rundskrivet på følgjande måte «*viss barn er berørte av tenestetilbodet, skal deira behov og eventuelle synspunkt som hovudregel fremmes gjennom foreldre og førsette*». (Rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV, 2012)

1.2.6 FN's barnekonvensjon

I nyare tid har barnekonvensjonen og endringar i andre lovverk gjort at vi er meir opptekne av at barn skal bli sett og høyrte. (Strandbu, 2011, s. 35). I tråd med dette er barn gitt moglegheit til å medverke i saker som gjeld dei sjølv. Barns medverknad og barns rettsikkerheit har blitt gitt merksemd av myndigheitene, som igjen har lagt føringar for forvaltninga som har etablert ordningar for barns deltaking (Skivenes & Strandbu, 2003, s. 214). Det har jamt over ei ideologisk semje i feltet om barns medverknad, men det kan være krevjande å få til i praksis (Van Bijleveld et al., 2015; Strandbu, 2011).

FNs konvensjon om barns rettigheter av 20. november 1989 (barnekonvensjonen) artikkel 12, handlar om barns rett til å bli høyrte, og fritt få gje uttrykk for sine synspunkt i alle forhold som vedrører seg sjølv (barnekonvensjonen). Denne retten barn fekk gjennom artikkel 12 om å komme til orde i saker som har betydning for dei, er heilt sentral i anerkjenninga av barns som sjølvstendige individ (Sandberg, 2016, s. 92). Barnekonvensjonens artikkel 27 stadfestar også at barn har rett til ein levestandard som er tilstrekkeleg for barnets fysiske, psykiske, åndelege, moralske og sosiale utvikling (barnekonvensjonen). Slike behov dekkast i stor grad gjennom eit positivt familiemiljø, gjennom utdanning, skulegang og sosiale samkvem med andre (Sandberg, 2016, s. 253). Herunder også moglegheiter for leik, fritid og deltaking i kulturelle aktivitetar (Ibid.). Ein utilstrekkeleg familieøkonomi kan skape betydelege vanskar for slik livsutfoldelse, og FNs barnekomité har understreka at oppvekst i relativ fattigdom fører til undergraving av barns velvære, sosiale inkludering og sjølvfølelse, og reduserer moglegheitene til læring og utvikling (Sandberg, 2016, s. 253).

1.3 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva mi består av seks kapittel. I *kapittel 1* gjev eg ei kort innleiing om kva studien handlar om, kva som var målsetjinga og presentasjon av problemstilling. Til slutt i dette kapittelet vil eg gjere greie for dei institusjonelle og juridiske rammene som ligg til grunn for studien min. Kapittelet vil innehalde nokre omgrepsavklaringar, samt henvisningar til lovverk som er aktuelle og relevante for problemstillinga mi. *Kapittel 2* vil eg vise til tidlegare forskning på temaet om barns medverknad og NAV og barneverntenesta sitt arbeid med levekårsutfordringar, i tillegg til at eg vil presentere teoretiske perspektiv for barneperspektiv og institusjonelle logikkar. I *kapittel 3* presenterer eg studien sin metodiske tilnærming med beskriving av forskingsprosessen og etiske refleksjonar. I *kapittel 4* beskriver eg analyseprosessen. Funna og resultata i studien presenterer eg i *kapittel 5*. I *kapittel 6* diskuterer eg funna og resultata i lys av val av teori og forskning. Oppgåva mi vil bli avslutta med ein konklusjon der eg svarer på problemstillinga, og viser til korleis mine funn kan nyttast til vidare forskning på feltet.

Målet med studiet min er å bidra til meir kunnskap om korleis barneperspektivet blir utforska i NAV og barnevernet i deira arbeid med låginntektsfamiliar, med særskilt fokus på kva forhold på påverkar barneperspektivet. Eg er oppteken av å få fram meir kunnskap om korleis barns medverknad kan sikrast gjennom eit betre samarbeid mellom Nav og barneverntenesta. Dette er ein rett barn har, og barns medverknad er viktig for at hjelpa som blir gitt baserer seg på korleis barna sjølv erfarer sin situasjon. Eg vil i neste kapittel gjere greie for tidlegare forskning på feltet, og presentere studien sine teoretiske perspektiv.

2.0 Tidlegare forskning og teoretisk rammeverk

2.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentere studien sine teoretiske perspektiv, som skal være eit bakteppe for drøftinga av empirien min. Eg har valt å nytte Harts (1992) perspektiv på deltakingsstigen, Skivenes og Strandbu (2006) si forståing av barneperspektivet og Thornton & Ocasio (2017) si tilnærming til institusjonelle logikkar som teoretisk tilnærming i mi oppgåve. I dette kapitlet vil eg gjere greie for desse, og syne på kva måte desse kan bidra i analysen min. Før eg presenterer dette vil eg gjere greie for tidlegare forskning på feltet.

2.2 Tidlegare forskning

Forskinga på fattigdom og levekår, syner oss at det er forska mykje på konsekvensar det kan ha for barn på mange ulike livsområde. Samstundes syner forskning på barn og unge som veks opp i fattigdom og låginntektsfamiliar er eit relativt komplekst felt å forske på, og at det er behov for ei systematisk forskingsinnsats over tid. Dette kan handle om at levekår og fattigdom ofte kan føre med seg andre typar av levekårsproblem som må forståast og utforskast (Kristoffersen, 2019, s. 8).

2.3.1 Forsking som får fram omfang og konsekvensar av å vekse opp i fattigdom

Talet barn som veks opp i låginntektsfamiliar er aukande. Forsking peikar på at oppvekst i låginntektsfamiliar kan føre til negative konsekvensar både knytt til lågare utdanningsoppnåing, høgare risiko for arbeidsløyse, høgare skulefråvær og dårlegare helse ann andre barn (Hyggen, Brattbakk & Borgeraas, 2018). Det er funne ein samanheng mellom barns helse og sosioøkonomisk status. Vidare syner forskning at unge som veks opp i låginntektsfamiliar har dårlegare helse enn folk flest, og uføreraten er langt høgare samanlikna med resten av befolkninga. Det er funn som kan tyde på at det har ei betydning kor lenge ein mottek offentlege stønader, då varigheit kan ha samanheng med dårleg helse, som igjen kan være avgjerande for moglegheiter til å skaffe seg arbeid (Seim, 2011, s. 11).

Forsking syner vidare at det er ein samanheng mellom økonomisk fattigdom og sosial eksklusjon (Seim, 2011, s. 9). I kunnskapsoppsummeringa Barnefattigdom i et rikt land er det identifisert fem grupper barn som har risiko for å vekse opp i familiar med vedvarande fattigdom:

1. *Barn i familiar der ingen foreldre er i arbeid og familien er avhengig av trygdeytningar eller sosialhjelp, for eksempel på grunn av arbeidsløyse eller helseproblem*
2. *Barn i familiar med mange barn*
3. *Barn av einslige foreldre*
4. *Barn i familiar med innvandrarbakgrunn, særskilt ikkje-vestleg bakgrunn*
5. *Unge på 18 år ved etablering i voksenlivet.*

(Seim, 2011, s. 9).

I ein kunnskapsoppsummering om moglegheiter og hindringar for barn i låginntektsfamiliar (Hyggen, Brattbakk & Borgeraas, 2018) kjem det fram at det er fleire faktorar som kan påverke og ha betydning for barns livsjansar og utviklingsmoglegheiter knytt til å vekse opp i låginntektsfamiliar. Det synar at det er komplekse samanhengar mellom oppvekst i låginntekt og konsekvensane det har for barn. Korleis kan vi då forstå samanhengen mellom oppvekst i låginntektsfamiliar og utfall for barn? I denne kunnskapsoppsummeringa identifiserer Hyggen, Brattbakk og Borgeraas tre overordna teoriar om kva som kan være moglege samanhengar mellom oppvekst i låginntektsfamiliar og uheldige utfall: investeringshypotesen, familiestress-hypotesen og hypotesen om bakanforliggende kjenneteikn.

Ein hypotese ,investeringshypotesen, syner at det finnes ei enkel kopling mellom oppvekst i låginntekt og negative utfall som konkret kan knytast til tilgang på økonomiske ressursar. Denne bygger på forutsetninga om at ei hushaldningsinntekt er bestemmande for moglegheitene til å investere i barns utvikling og moglegheiter, noko som igjen kan påverke mogelege utfall (Hyggen Brattbakk & Borgeraas, 2018, s. 59). Dersom ein tenker tiltak og politikk vil eit slikt perspektiv være enkelt å ordne, då investering i det fattige barnet kan forbetre barnas livsjansar. Samstundes peikar Hyggen et. al. (2018) på at det blir for snevert å sjå på barns utfordringar og kun knytte det opp mot låginntekt. Dei økonomiske, kulturelle og sosiale ressursane som barna har tilgang til gjennom sine foreldre legger grunnlag for barns levekår (Hyggen, Brattbakk & Borgeraas, 2018 s. 67). Dermed kan ein anna mogleg forklaring mellom låginntekt og barns utfall knytt til foreldreåtfærd også være relevant, nemleg familiestress-hypotesen (Conger, Ge, Elder, Lorenz & Simons, 1994). Denne hypotesen beskriver ein samheng mellom sosioøkonomisk status og stressnivået til foreldra, som påverkar både oppdragelsespraksis og foreldrestil. Det å vekse opp med fattigdom kan skape stress som kan påverke foreldrefunksjonar og relasjonane innad i ein familie. Dette kan igjen ha innverknad på barns psykiske helse, ved at stresset begrensar foreldre si evne til å tilby eit godt oppvekstmiljø (Hyggen, Brattbakk & Borgeraas, 2018).

Oppsummert ser vi at omfanget av barn som veks opp i fattigdom er aukande, samstundes som dette er eit komplekst fagfelt der mange faktorar vil spele inn på barns levekår og utvikling. Det er likevel liten tvil om at forskinga syner oss at det kan få alvorlege konsekvensar for barn å vekse opp i fattigdom, samstundes som forsking også syner oss at fattigdom kan gå i arv i generasjonar.

2.3.2 Forsking på tenesteyting inn mot familiar med levekårsproblem

Fleire forskingsprosjekt peikar på utfordringar når det gjeld tenesteytingane inn mot familiar med levekårsproblem, både når det gjeld forhold og struktur i kvar enkelt teneste, men også inn mot

manglande koordinert samarbeid mellom tenestene. Dette kan føre til at barn i låginntektsfamilier ikkje får eit godt nok integrert og koordinert hjelpetilbod frå NAV og barneverntenesta (Ask & Sagatun, 2020.; Kane, Neverdal & Stenberg, 2018).

Når det gjeld barn i låginntektsfamilier, kan dei ha kontakt med både NAV og barneverntenesta. I ein studie av Ask & Sagatun (2020) peika dei på at når barn får støtte frå begge disse tenestene samstundes, indikerer dette at familien strever økonomisk og at det er bekymringar kring barnas omsorgssituasjon. Vidare fann dei at dette kunne krevje at velferdsytingane desse familiane mottek skal være koordinerte, men at tenestene frå NAV og barneverntenesta ofte fokuserer på separate problem, og på individet i steden for familien som heilheit (Ask & Sagatun, 2020, s. 3). Ask og Sagatun peika vidare på at NAV og barneverntenesta sitt perspektiv på fattigdom, hindra dei å ha eit heilheitleg perspektiv inn i arbeidet mot desse familiane, og at dette også kunne være eit hinder for samarbeid mellom tenestene. Dei meinte det var ein fare for at familier kunne bli verande i ei *fattigdomsfelle*, fordi tenestene ikkje har gode nok verktøy og tiltak for å hjelpe familiane. Dei fann teikn som peika på at tenestene og sakshandsamarane følte seg fanga innanfor institusjonelle barrierar. For Nav sin del kunne desse barrierane handle om tidspress, og at arbeidslinja krevde at hovudfokuset deira var å få folk ut i arbeid, noko som var såpass tidkrevjande at det gjekk utover for eksempel det å sjå på barna sin situasjon. I barneverntenesta kunne desse barrierane meir handla om at barnevernet meinte at økonomi og materielle forhold låg utanfor deira ansvarsområde. Dermed påverka desse barrierane tenestene på ein slik måte at dei ikkje såg moglegheiter for å utvide sine perspektiv og handlingar, og at krevjande saker og tidspress hindra dei i å utfordre den institusjonelle logikken i organisasjonane sine (Ask & Sagatun, s. 31). Eit anna forskingsprosjekt fann også at hjelpeapparatet ikkje har nok verkemidlar til å hjelpe låginntektsfamilier, og fann at dette kan handle om ei generell og kulturell motvilje til å sjå at det kan være fattigdomsproblem i den norske velferdsstaten (Andenæs, 2004, s. 29). Særskilt fann Andenæs at barneverntenesta dei siste åra har hatt ei tradisjonell, utviklingspsykologisk forståing, noko som kan føre til at barneverntenesta fokuserer mest på dette og ikkje dei delane av foreldreskapet som handlar om forsørging av barn og organisering av dagleglivet (Andenæs, 2004, s. 29). Barneverntenesta sitt manglande fokus på levekår blir også understøtta av forskinga til Ask & Sagatun (2020) og Lossius Westby (2021). Lossius Westby fann i sin studie at mange av familiane som kjem i kontakt med barneverntenesta, lever med vedvarande låg inntekt, og at stressnivået i desse familiane ofte er høgt. Det kan for eksempel handle om ubetalte rekningar, bu standard og moglegheita for å la barna gå på fritidsaktivitetar. Når desse familiane kom i kontakt med barneverntenesta fokuserte ofte barnevernet på samspel og tilknytning mellom dei foreldra og barna, og dei sosioøkonomiske forholda kom i skuggen. Lossius Westby meinte i sin studie at det første barnevernet og andre hjelpetenester bør gjere for å hjelpe desse

familiane er å rydde stressmoment som for eksempel økonomiske vanskar av vegen (Lossius Westby, 2021).

Ein studie av Kane, Neverdal & Stenberg (2018) fann fleire uklare grensesnitt i tenesteytinga til familiar med levekårsproblem. Eit grensesnitt omhandla økonomisk bistand til barnefamiljar, som viser at både Nav og barneverntenesta i fleire tilfelle bidrar med økonomisk stønad, og det kan føre til uklare grenser i høve til ansvar mellom dei to tenestene. Eit anna grensesnitt omhandlar barns busituasjon, og syner at ein større andel av låginntektsfamiljar bur i boligar med fukt eller råte, som igjen kan auke risikoen for at barn veks opp i helseskadeleg busituasjon. Her kan organisering av ansvar mellom tenestene være så fragmentert at ingen tek ansvar for at barn bur under så dårlege forhold. Eit tredje eksempel på uklare grensesnitt er offentlege reformar, som for eksempel Nav-reforma, har ført til eit meir fragmentert tenestetilbod for barn (Kane, Neverdal & Stenberg, 2018, s.24). Kane, Neverdal & Stenberg (2018, s. 27) konkluderer i sin studie med at det er naudsynt å ha ei meir samordna og heilheitleg organisering av tenester som skal fremme barns levekår, dette for å sikre barns rett til ein forsvarleg levestandard.

Forskinga eg har peika på her syner oss at det er store utfordringar knytt til tenesteyting inn mot desse familiane. Manglande forståing av ansvar, manglande samarbeid mellom tenestene, for stor variasjon i tenestetilbodet i kommunane og manglande tiltak og verkøy for å hjelpe er nokre av hovudutfordringane inn mot hjelpa til desse familiane.

2.3.4 Forsking på barneperspektivet inn mot familiar med levekårsproblem

I eit prosjekt kalla «Pengeproffane» (2011) i samarbeid med Forandringsfabrikken og Redd barna, fortel 36 barn og unge om erfaringar på korleis det kjennes å vekse opp i verdas rikaste land og ha dårleg råd. Barna i prosjektet fortel at ein kan føle seg som eit dårlegare menneske av å ha dårleg råd, og at det er vanskeleg å spørje om hjelp fordi ein kjenner seg underdanig. Vidare seier barn at det er kjipt å ikkje ha pengar, det er vanskeleg å komme inn i vennegjengen, dei strevar med å ta i mot hjelp og tenker at dei ikkje er normale (Pengeproffane, 2010 s. 8). Barnas egne erfaringar er viktige i samanhengen med å forstå kva fattigdom er frå eit barneperspektiv.

Studiar av Rugkåsa & Bergheim (2020) og Ask & Sagatun (2020) syner at Nav i svært liten grad snakkar direkte med barn, noko det kan være fleire grunnar til. Det kan handle om at det ikkje står direkte i lova at Nav skal snakke med barn, og at det dermed ikkje er forventa at dei snakkar direkte med barn. Det kan også handle om at Nav ser si oppgåve som avgrensa til å kartlegge foreldra sin situasjon, for å sikre at dei får rett hjelp. Ask og Sagatun fann i sin studie at Nav ser på si primære oppgåve å prioritere å få foreldre ut i jobb og i andre aktivitetar som skal gjere dei sjølvhjelpne. Dei

fann vidare at denne prioriteringa begrensar sakshandsamarane i Nav si tilnærming til det å være foreldre, og tok vekk fokuset på barnas stilling og situasjon (Ask og Sagatun, 2020, s. 19).

Rugkåsa og Bergheim (2020) hevdar i sin studie at Nav i hovudsak har vektlagt dei vaksne sine behov framfor barns behov, og at Nav sitt verkemiddelapparat er tilpassa vaksne. Dette kan medføre at Nav har manglande kunnskap om barna sine erfaringar, ønskjer og behov. Studien hevda vidare at når Nav snakkar direkte med barn får dei betre grunnlag for å forstå behova i ein familie, i tillegg til at det å snakke med direkte med barn vil kunne gje viktig kunnskap som igjen kan sikre barns sosiale, psykiske og helsemessige situasjon både nå og i framtida (Rugkåsa & Bergheim, 2020, s. 167). Studien peikar på at slik praksis er i dag, at Nav får informasjon om barnas situasjon gjennom foreldra sine, ikkje medfører at Nav får informasjon om barnas situasjon slik barna sjølv erfarer den. Slik vi kan forstå studien vil barns deltaking i Nav være viktig i bekjempelse av konsekvensene av å vekse opp i fattigdom.

Når det gjelder barneperspektivet i barnevernet, står det tydeleg i lova at barneverntenesta skal snakke med barn, og alt barneverntenesta gjer skal forankrast i vurderinga av kva som er barnets beste. Forsking syner at barnevernet i liten grad anser økonomiske og materielle faktorar som ein del av deira ansvar, og meiner også at dette ikkje ligger innanfor barneverntenesta sitt ansvarsområde (Ask & Sagatun, 2020, s. 21; Kojan et al., 2021). Dette kan føre til at barneverntenesta har ei tydeleg begrensing i sin oppfatning av foreldreskap, som kan føre til at dei ikkje ser totalbilete til barna (Ask & Sagatun, 2020, s. 21).

Ein studie av Sandbæk (2004, s. 106) fekk fram at kan det være ei utfordring å legge til rette slik at barn kan være aktørar i eige liv, og nemnte faren ved å einseitig fokusere på barn som sjølvstendige og uavhengige. Det var samstundes viktig å sjå at barn treng avhengigheit, omsorg og beskyttelse. Sandbæk sine intervju med barn synte at barna hadde synspunkt og vurderingar av hjelpetenestene, men at dei i liten grad slapp til som aktør i møtet med disse tenestene. Sandbæk oppsummerte sin forskning med at barnas kompetanse må anerkjennast, samtidig som ein må ivareta barns sårbarheit (Sandbæk, 2004, s. 107).

Denne oppsummeringa syner at det er store utfordringar knytt til barneperspektivet inn mot familiar med levekårsproblem. Forskinga får fram at barna sjølv seier noko om kva utfordringar og vanskar dei kan kjenne på som fattig i eit rikt land, og vi fann at barn har viktig kompetanse som må anerkjennast. Deretter syner forskning at Nav og barneverntenesta ser sitt ansvar som avgrensa knytt til barn og levekår. Nav ser i stor grad det som sitt ansvar å få foreldra ut i jobb, og dermed avgrensa sitt ansvarsområde korleis dette påverka foreldrerolla og barna. Forsking syner oss at Nav i liten grad utforskar barneperspektivet eller snakkar med barn, og at Nav dermed går glipp av viktig kunnskap

for å kunne yte god hjelp til barn og familiar. På den andre sida syner forskning at barneverntenesta meiner at levekår ikkje er ein del av deira ansvarsområde, og at barneverntenesta har manglande fokus på levekår og korleis sosioøkonomiske forhold kan påverke omsorga for barn.

Forskning kan tyde på at det i dag ikkje finnes eit heilheitleg godt nok hjelpetilbod til barn som veks opp i fattigdom. Det finnes ikkje i dag eit heilheitleg godt nok hjelpetilbod til barna som veks opp i fattigdom, og meir forskning om barns deltaking i utforming av hjelpetilbodet vil kunne bidra til å setje søkelys på korleis ein best mogleg kan organisere og innrette hjelpetenestene. Vi treng difor meir kunnskap om kva som kan hemme og fremme barns medverknad i tenester som møter familiar med levekårsutfordringar.

2.4 Perspektiv på barns medverknad

Teori har betydning for kva ein ser og kva ein ser etter. Eg vil her gjere greie for teoretiske perspektiv, og syne kvifor og korleis desse er fruktbare i min analyse.

2.4.1 Roger Harts "Ladder of participation"

Roger Hart (1992) sin deltakarstige; «*ladder of participation*», er brukt som eit av dei teoretiske rammeverka for studien min. Denne bruker eg fordi eg meiner den gjer ei forståing av grader av medverknad som blir praktisert knytt til arbeid med barn og familiar. Deltakarstigen er mykje brukt som utgangspunkt for analyser av barnevern (Cudjoe et al., 2020; Bjørgum, 2020). Min studie handlar om korleis og i kva grad barns medverknad blir sikra i Nav og barneverntenesta sitt arbeid med familiar med levekårsutfordringar. Eg vil i min studie nytte denne stigen til å drøfte kor barna er på stigen hjå NAV og barneverntenesta, når dei forklarar sin praksis for utforsking av barneperspektivet. Stigen tilbyr ei forståing av kva element av deltaking som blir presentert i intervju med Nav og barneverntenesta, og kva nivå av medverknad som tenestene støtter.


Sherry R. Arnstein utvikla i 1969 ein deltakarstige som skulle illustrere borgarane si rett til deltaking i samfunnet. Denne stigen vart publisert i ein artikkel der ho lanserte omgrepet «citizens participation». Denne stigen handla om vaksne si deltaking i byplanlegging som borgarar i samfunnet, og er oppteken av korleis makt påverka borgarane si deltaking (Arnstein, 1969, s. 24).

Hart har definert barns rett til deltaking slik; «*The right to take part in decision making processes affecting one`s life and the life of the community in which on lives*» (Hart, 1992, s. 5). Roger Hart vidareutvikla og presenterte deltakerstigen i eit oppdrag gjennom UNICEF, og kalla den for «Ladder of participation». Hart sitt utgangspunkt var barns medverking. Denne stigen utgjer til saman 8 trinn, og representerer ulike stadie av medverking. På kvart trinn på stigen blir graden av deltaking større.

Ikkje deltaking

På dei tre nedste trinna som blir kalla «manipulasjon», «dekorasjon» og «tokenisme», er barna det Hart kallar «ikkje deltakande» (Hart 1992; Cudjoe et al. 2020). Som eksempel vil barna første trinnet, «manipulasjon», ikkje har forståing på kva dei medverkar i eller kvifor dei medverkar. Det tredje trinnet blir kalla «tokenisme». Her blir barna tilsynelatande gitt ei stemme, med har i realiteten lite val, og ingen moglegheit til å formulere sin eigen meining. Her kan ofte vaksne meine at prosjektet er til det beste for barna, og at prosjektet varetek barns interesser, men det blir likevel manipulerande (Hart, 1992, s. 9). Oppsummert vil dei tre nedste trinna bety at barn ikkje kan påverke eller ha innflytelse på ulike aktivitetar eller prosjekt. Eksempel på dette kan være at barn i beslutningstaking eller planlegging berre følgjer instruksjonar frå vaksne, eller ikkje forstår si eiga rolle eller kvifor dei skal delta (Cudjoe et. Al, 2020).

Harts Ladder of Participation by Roger Hart (1992)



Figur 1. Roger Harts (1992) deltakarstige.

Illustrerer dei åtte trinna for barns deltaking.

http://images.slideplayer.com/12/3566049/slides/slide_7.jpg

Deltaking

Dei fem øvste trinna på stigen representerer grader av medverking kor barn har ulik grad av involvering i beslutningar som blir tatt. Det fjerde trinnet «assigned, but informed», representerer eit trinn på stigen kor barna forstår intensjonen ved å delta, har ei meningsfull rolle og er frivillig

med i prosessen (Cudjoe et. Al, 2020). På trinn fem blir barna konsultert meir omfattande i eit prosjekt som vaksne har bestemt. Tilsvarande på trinn seks til åtte blir barna deltakar i både beslutningsprosessar og dei konkrete beslutningane. På desse trinna har barna det Hart (1992) kallar reell medverknad. Eksempelvis vil det sjette trinnet som blir kalla «*adult-initiated, shared decisions with children*», bli initiert av vaksne, men barna tar beslutningane saman med dei vaksne, og bestemmelsesretten er lik (Hart, 1992, s. 12).

Hart meiner at denne stigen har ein styrke av at den er eigna for fagfolk og institusjonar som arbeider med barn og medverknad (Hart 2008, s. 22). Han presiserer at hensikta med modellen er å syne at det finnes ulike grader av deltaking for barn, og at barn har behov for støtte av vaksne til for eksempel å starte prosjekter, ta beslutningar og utføre dei (Hart, 2008, s. 23). Stigen fokuserer også i stor grad på barns rolle i ulike program eller prosjekt, heller enn på barns daglegdagse deltaking og medverking, og beskriver også i stor grad rolla vaksne spelar i forhold til barns medverking og deltaking (Hart, 2008, s. 20). Likevel har denne modellen utfordringar, blant anna at dei som brukar den kan tru at dei høgaste trinna er dei beste og noko dei skal strekke seg etter. Dette kan skyldast stige-metaforen. Hart meiner at dei som skal tenke på dei ulike trinna på stigen som ulike trinn av kompetanse i staden for ytingar/prestasjonar. Hart skriv at han meiner barn skal føle at dei har kompetanse og sjølvtilitt til å omgåast andre på den måten som er skissert i trinna på stigen, men understrekar viktigheita av at barn ikkje skal føle at dei alltid må prestere på ulike måtar (Hart, 2008, s. 24). Den lineære strukturen av stigen, med progresjon frå ikkje -deltaking til deltaking har blitt kritisert av fleire (Cudjoe, et al. 2020; Malone & Hartung, 2010). Andre meiner at stigen ikkje tar høgde for alle nyansane i barns deltaking som for eksempel alder og modenheit, barnets ønske om å medverke og konteksten barnet befinner seg i (Cudjoe et al., 2020; Cahill & Dadvand's, 2018).

Denne deltakingsstigen vil være ein fruktbar inngang for å drøfte kvar på stigen Nav og barneverntenesta støttar at barn er, og i kva grad av medverknad som blir praktisert i desse to tenestene. Deltakarstigen vil være eit fint utgangspunkt for å diskutere om graden av medverknad er ønskeleg og eventuelt kva som må til for å endre det.

Kva syn på barn som dominerer ei teneste kan ha betydning for grad av medverknad i beslutningar, men grad av medverknad kan også forme kva barnesyn som blir dominerande. Skivenes og Strandbu (2006; Strandbu, 2011) si forståing av barneperspektivet får fram ulike dimensjonar ved eit barneperspektiv og korleis desse verkar saman og formar eit barnesyn. I kva grad barn er aktive og deltakande på dei ulike nivå, kan få betydning for kva barnesyn som blir utvikla.

2.4.2 Tredeling av barneperspektivet:

Strandbu og Skivenes (2006) har gjennom sitt arbeid prøvd å tydeleggjere kva som kan blir forstått med barneperspektivet i forbindelse med barns deltaking i beslutningar. Dei har kome fram til at eit barneperspektiv kan beskrivast på tre nivå; strukturelt nivå, relasjonelt nivå og individ nivå (Skivenes & Strandbu, 2006, s. 13).

Ein strukturelt barneperspektiv handlar om barns rettigheter og den posisjonen barn har fått i samfunnet. Dette handlar om at barn har fått ein posisjon og ei rettsleg beskyttelse på lik linje med andre såkalla svake grupper, slik at staten må anerkjenne barn som rettssubjekt og implementere system som ivaretek barna sine behov (Strandbu, 2011, s. 43).

Eit relasjonelt barneperspektiv handlar om perspektivet til dei vaksne som ser og erfarer eit konkret barn, og skal prøve å finne løysningar som er til det beste for nettopp dette barnet. Det å komme fram til kva som er til det beste for eit barn, fordrar kunnskap om kva som er bra for barn generelt men også spesifikt til det enkelte barn i ein konkret situasjon (Strandbu, 2011, s.44). At barn har rett til å delta og skal respekterast som eige individ med eigne meiningar og synspunkt er ein standard som vaksne må forhalda seg til når det gjeld vaksneperspektiv på barn. Med andre ord må omsorgspersonar og andre vaksne kring barnet vekte både kva dei sjølv meiner er best for barnet, og forsøke å forstå og vurdere konsekvensane av kva barnet sjølv ønskjer. Kva som er til det beste for det enkelte barn, bør være basert på individuelle vurderingar i kvar enkelt sak (ibid).

Det siste nivået, på individnivå, handlar om barneperspektivet som barnets eigne perspektiv. Det vil seie barnets eigne ønskjer, meiningar og behov, som kan avvike frå dei vaksne si oppleving. Barn kan tenke annleis om sin situasjon og behov enn vaksne, og det er heilt sentralt i forståinga av barneperspektivet å identifisere dette når vaksne skal bestemme kva som er barnets beste. På kva måte den vaksne tilrettelegg for meningsdanning og meningsytring, vil kunne avgjere om deltakinga blir eit gode for barnet eller ikkje (Strandbu, 2011, s. 45).

Alle disse tre komponentane om barneperspektivet må sjåast i samsvar med kvarandre for å få eit heilheitleg bilete av barneperspektivet (Skivenes & Strandbu, 2006). Harts deltakarstige er ein måte å forstå barns medverknad på, som er oppteken av å identifisere ulike grader av medverknad.

Strandbu si tredimensjonale forståing av barneperspektivet kan nyttast i mine analysar for å få fram kva barneperspektiv som dominerer i dei to tenestene på dei tre ulike nivåa. Korleis barneperspektivet blir løfta fram, og kva syn barneverntenesta og Nav har på barns om medverkande aktørar kan seie oss noko om kva oppfatningar og forståingar som er styrande i Nav og barneverntenesta sin praksis. Dette vil eg gjere meir greie for ved å sjå på kva institusjonelle logikkar som er styrande i Nav og barneverntenesta.

2.5 Institusjonelle logikkar

Det tredje teoretiske perspektivet eg har valt å bruke er «institusjonelle logikkar».

Thornton & Ocasio har tatt utgangspunkt i omgrepet institusjonelle logikkar som vart utvikla av Friedland og Alford i 1991. Friedland og Alford utvikla omgrepet for blant anna å beskrive motstridande praksisar i institusjonane i moderne vestlege samfunn (Alford & Friedland i Thornton & Ocasio, s 2008, s. 101). Kjernen i teorien om institusjonelle logikkar er at det er ein meta-teori (Thornton & Ocasio, 2008). Metateori kan gje oss moglegheiter til å bevisstgjere oss i forhold til kva som ligg til grunn for vårt arbeid. For eksempel kan etablerte teoriar få stor makt og kan bli etablerte sanningar, og bør derfor alltid utfordrast (Nilsen, 2017).

Thornton og Ocasio definerar institusjonelle logikkar på følgjande måte «*The socially constructed, historical patterns of material practices, assumptions, values, beliefs, and rules by which individuals produce and reproduce their material subsistence, organize time and space, and provide meaning to their social reality*» (s. 101). Slik eg tolkar dette inn mot min studie handlar dette om at Nav og barneverntenesta har måtar å tenke og handle på, som både kan begrense måten dei jobbar på og utforske moglegheiter. For eksempel i spørsmåla om utforsking av barneperspektivet, kan tenestene sin kunnskap om barn og kva dei oppfattar som sitt ansvar om barn og levekår, kunne påverke måten dei innhentar og forstår barns erfaringar på. Med andre ord vil tenestene sine institusjonelle logikkar kunne legge føringar for praksis knytt til utforsking av barneperspektivet.

Institusjonelle logikkar kjem fram som sjølvsgatte praksisar, antakelsar, verdiar, oppfatningar og reglar som gjer meining til verksemda i eit felt. Denne tenkinga kan forme både forståinga av kva som er målet og vegen til målet i organisasjonar sine handlingar (Thornton & Ocasio, 2017, s. 510). Det handlar om at for å forstå individuell og organisatorisk åtferd, må den sjåast i samheng med den sosiale og institusjonelle konteksten (Thornton & Ocasio, 2008, s. 101-102).

Min vurdering er at dette perspektivet vil bidra til å forstå kva oppfatningar og forståingar som er styrande i NAV og barneverntenesta sin praksis, då særskilt knytt til utforsking av barneperspektivet i låginntektsfamiliar. Eg vil også nytte teorien om institusjonelle logikkar som ein modell for å forstå og analysere korleis praksis må sjåast i samheng med konteksten denne praksisen er ein del av. Teorien om institusjonelle logikkar kan vidare seie meg noko om korleis NAV og barneverntenesta ser og oppfattar verkelegheitene, og korleis denne oppfatninga kan påverke praksis i form av barns deltaking, forståing av det å vekse opp i låginntektsfamiliar og forståing og samarbeid med kvarandre.

Oterholm (2018) nytta dette perspektivet i sin studie av Nav og barnevernet si oppfølging av unge med barnevernsbakgrunn og deira overgang til vaksenlivet. Ho fann at desse to tenestene var prega

av ulike institusjonelle logikkar som fekk betydning for korleis dei vurderte ungdommanes behov for oppfølging. Barnevernet var prega av ein foreldreliknande omsorgslogikk, medan Nav var prega av ein velferdsstatslogikk, der merksemda til Nav var retta mot rolla deira som velferdsstatens sikkerhetsnett (Oterholm, 2018, s. 13). Dette påverka i følgje Oterholm særskilt kva dei ulike tenestene vektla når dei skulle vurdere kva støtte ungdommane skulle få, der variasjonen kom til å uttrykk i ulike måtar å kategorisere ungdommane sin situasjon på. I barneverntenesta var dei opptatt av skilnaden mellom ungdommar som hadde hatt hjelpetiltak og kven som hadde vore under barnevernet si omsorg over lengre tid. Barneverntenesta opplevde å ha eit særleg ansvar for ungdom under omsorg av barneverntenesta (Oterholm, 2018, s. 10). I Nav var ei sentral kategorisering om ungdommane var friske eller sjuke, særskilt knytt til arbeidsevne og rett til for eksempel arbeidsavklaringspengar eller sosialstønad (Oterholm, 2018, s. 10). Ulikhetane i kategorisering handla også om ungdommane skulle behandlast som barn eller vaksne. Barneverntenesta meinte at dei oppfatta ungdommane som barn som fortsatt trengte oppfølging, Nav meinte også dette, men stilte også krav til ungdommane som vaksne (Oterholm, 2018, s. 11).

Med andre ord forstår eg det som at ulike organisasjonar utviklar spesifikke måtar og forstå sitt felt på, og sine egne vurderingar av kva som er viktig og rett å gjere knytt til arbeidet sitt. Institusjonelle logikkar kan dannast og endrast over tid etter kva føringar og diskursar som kan være gjeldande. For eksempel vil politiske føringar om barns medverknad spele inn på forståinga og praksis av sakshandsamarane i NAV og barneverntenesta. Andre eksempel som kan påverke NAV og barneverntenesta sine institusjonelle forståelsesrammer kan for eksempel være arbeidslinja, slik Oterholm (2018) viser i sin studie. Oterholm sin studie synte at ungdommar blir møtt med krav som vaksne av Nav, og at Nav hadde stort fokus på arbeid og økonomisk uavhengigheit (Oterholm 2018, s. 14).

Teoriar om institusjonelle logikkar er interessante i forhold til min studie, fordi det kan seie noko om kvifor og korleis NAV og barneverntenesta ser og oppfattar si verkelegheit, og korleis denne kan påverke praksis i form av barns deltaking og forståing av det å vekse opp i låginntektsfamiliar.

Harts deltakarstige, dei tre nivåa av barneperspektivet og institusjonelle logikkar vil eg ta fram igjen i diskusjonskapitlet mitt, der eg vil ta fram disse perspektiva og drøfte dei opp mot empirien min. Eg vil i neste kapittel gjere greie for oppgåva si metodiske tilnærming, med beskrivelse av forskingsprosessen og etiske refleksjonar.

3.0 Metode

Eg vil i dette kapittelet syne kva metodisk tilnærming eg har valt for å studere problemstillinga min: «Kva forhold påverkar barneperspektivet i NAV og barneverntenesta sitt arbeid med familiar med låg inntekt?»

Min studie er ein hermeneutisk studie, der eg har valt kvalitativt forskingsdesign for utforske problemstillinga mi. Meir konkret har eg valt å bruke ein case-studie for å studere desse forholda hjå eit NAV kontor og eit barnevernkontor i ein og same kommune, og har nytta meg av fokusgruppeintervju med vignett, og semistrukturerte intervju.

3.1. Hermeneutikk

Ein hermeneutisk tilnærming handlar om tolking av menneskelege uttrykk som utgangspunkt for forståing (Malterud, 2018, s. 28). Vidare kan ein seie at hermeneutikken byggjer på prinsippet om at ein berre kan forstå meining i lys av den samanhengen vi studerer den i, altså at delane blir forstått som ein del av heilheita (Thagaard, 2019, s. 37). Prosessane mellom delar og heilheita går kontinuerleg fram og tilbake, og kallast for den hermeneutiske sirkel (Kvale & Brinkmann, 2018, s.237) der nye delar blir fortolka og satt i saman med heilheita, slik at det kan oppstå ny forståing. I min studie har eg vore bevisst på at informasjonen eg har fått frå informantane må sjåast i lys av den samanhengen den er ein del av. Mi tolking av intervjuetekstane vart gjort på grunnlag av mi forforståing, min utdanningsbakgrunn, min kjennskap til tidlegare forskning på feltet og min tolking og forståing av det informantane seier og uttaler. Eg har vore bevisst på min forforståing gjennom heile prosessen, samstundes som eg har vore bevisst det å ha eit ope sinn knytt til kjeldematerialet mitt. Eg opplevde gjennom prosessen at mi forforståing endra og utvikla seg etter kvart som eg intervjuar informantane, og analyserte materialet mitt, ved at eg fekk meir kunnskap og forståing av temaet.

Ein vanleg kritikk av fortolking av intervju er at ulike forskarar vil finne ulike meiningar i same intervjuet. Hermeneutikken tillèt eit slikt fortolkningsmangfald, då ein kan stille mange spørsmål til ein tekst der ein vil få ulike svar. Det vil seie at ein er open for at det ikkje finnes ein riktig og objektiv meining i ein tekst, der forskaren sin jobb er å finne fram til den rette meininga (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 238).

Opphavelig var hermeneutikken knytt til fortolking av tekstar. Tolking av transkriberte intervjuetekstar kan sjåast på som ein samtale mellom forskar og tekst, for forskaren studere kva meining teksten formidlar (Thagaard, 2019, s. 37). I min studie vil det seie at eg gjennom mine intervju, analyse, «samtale» med intervjueteksten, mi forforståing og det teoretiske perspektivet har kome fram til ei forståing av barneperspektivet hjå NAV og barneverntenesta.

3.2 Forforståing

Med bakgrunn i at hermeneutikken vektlegg forskaren sin rolle og forståing i studien, vil eg her belyse mi forforståing, då dette har prega forskingsprosessen. Mi forforståing har nødvendigvis satt preg på studien min både i form av val av teoretiske perspektiv, innsamling av data og tolking av funn.

Malterud (2018) beskriver forforståelsen vår som den ryggsekken vi har med oss inn i forskningsprosjektet, altså før prosjektet starter. Dette innhaldet vil påverke måten vi samlar, les og tolkar våre data på. Denne «ryggsekken» kan fungere som noko som kan styrke prosjektet vårt, men også noko som kan påverke prosjektet vårt i for stor grad. Den kan i verste fall begrense oss i å utforske kva empirien kan gje oss av ny kunnskap, og berre bekrefte det vi vet og meiner om eit tema. Ofte vil likevel forforståelsen vår være ein viktig motivasjon for val av tema til forskingsprosjektet (Malterud, 2018, s. 44).

Eg er barnevernpedagog med vidareutdanning i barnevernfagleg utredningsarbeid og spesialpedagogikk. Eg har ca. 17 års erfaring med barn i barnevernet, og mitt engasjement for utsette barn og unge har utan tvil inspirert meg til val av tema og problemstilling. Eg var likevel bevisst på at eg no er masterstudent, og skulle inn i ei rolle som forskar og ville bruke forforståelsen min som ein styrke samstundes om eg har bevisst på å ha eit ope sinn inn mot at eg ville søke ny kunnskap og forståing.

Motivasjonen min for val av tema, handla som sagt mykje om engasjementet mitt for utsette barn. Tidlegare forskning av hjelp til barn som veks opp i fattigdom er mangelfull, og formålet mitt med denne studien er å gje eit lite bidrag til korleis vi kan betre situasjonen for disse barna. For å klare det på best mogleg måte, var eg bevisst på å halde ein reflektiv haldning gjennom forskingsprosjektet, stille kritiske spørsmål til meg sjølv og være open for nye impulsar, erfaringar og læring. Tanken på at eg kunne få nye perspektiv var ein spennande tanke, og noko eg prøvde å være bevisst gjennom heile prosessen.

3.3 Forskingsdesign

Studien min er ein kvalitativ studie. I ein kvalitativ studie siktar forskaren mot nyanserte beskrivingar av informantane si livsverd, og ein fokuserer på kva dei seier gjennom orda dei nyttar (Kvale & Brinkmann, 2018 s. 47). Det var naturleg for meg å plassere meg innanfor denne retninga, då mi problemstilling prøver å fange opp tenestene sine erfaringar og oppleving av ansvar knytt til barns perspektiv. I kvalitativ forskning er ein ofte «tett på» dei man forskar på, som for eksempel i ein intervjuundersøking, noko som kan gje særskilte utfordringar (Tjora, 2021, s. 17). Utfordringane som Tjora peikar på handlar mellom anna at ein må være innstilt på å justere eige prosjekt, handlingar og

idear i det man startar med intervjuundersøkingane. Han anbefaler derfor å legge datainnsamlinga relativt tidleg i prosjektet, for å ha moglegheit til å justere bruk av teori og perspektivet (Ibid.). I mitt prosjekt starta eg datainnsamlinga tidleg i prosjektet, og hensikta med dette var at eg var open for at mi forforståing og mine teoretiske perspektiv kunne bli utfordra av dei svara eg fekk gjennom intervjuundersøkinga.

3.3.1 Case-studie

Som forskingsdesign har eg valt case-studie. Dette er eit undersøkingsopplegg som tar sikte på å studere mykje informasjon om få einingar (Thagaard, 2019, s. 51). Hovudpoenget med case-studie er å få rikhaldig informasjon om den eininga som studien retta seg mot (ibid). Ein case-studie kan rette seg mot personar, grupper eller organisasjonar, og det er eininga du studerer som analysen rettar seg mot. Når studien rettar seg mot ein organisasjon vil analysen rettast mot organisasjonen som heilheit, og ikkje dei enkelte personane ein har informasjon om (ibid).

Mitt case er ein mellomstor kommune i Vestland fylke, og vidare NAV og barneverntenesta sitt samarbeid i denne kommunen. Eg utforska caset gjennom empiri frå ulike kjelder. Denne empirien samla eg inn gjennom fokusgruppeintervju med sakshandsamarar i Nav og barneverntenesta og individuelle intervju med leiarar av desse tenestene, samt kunnskap om det organisatoriske i kommunen.

Formålet med å velgje case studie var å utforske samarbeidet mellom tenestene i ein kommune som eit case. Eg vurderte at dette ville kunne gje meg både inngåande kunnskap og forståing av dei tenestene eg ville studere. Med andre ord var ein viktig grunn at eg kunne få gå i djupna på tenestene, og få rik informasjon om korleis akkurat desse tenestene jobba med barneperspektiv og barns medverknad. Ein vanleg innvending mot å nytte seg av case-studie er at det kan være vanskeleg å generalisere resultatane mine til andre tenester. Eg vurderte likevel at dette ikkje var eit hinder for å bruke case-design i min studie, då hensikta mi ikkje var å undersøke utbredelsen av barns medverknad i Nav og barneverntenesta.

3.4 Utval og rekruttering

I forkant av eit fokusgruppeintervju er det viktig å være bevisst på samansetninga av gruppa, slik at dei kan ha eit felles grunnlag for å diskutere og gje respons på kvarandre sine synspunkt og erfaringar. På denne måten vil ein også få fram ulike haldningar, ulike måtar å jobbe på og ulike erfaringar innanfor same felt eller same miljø, dette kan være ein fordel med tanke på utdjuing av tema for studien (Thagaard, 2019, s. 92). Eg gjennomførte to fokusgruppeintervju. Den eine fokusgruppa var satt saman av sakshandsamarar frå Nav, og den andre fokusgruppa var med sakshandsamarar frå barneverntenesta.

For å best mogleg måte belyse problemstillinga mi, gjorde eg eit strategisk utval (Malterud, 2018, s. 58). Eg ville intervjuje tilsette og leiing ved NAV og barneverntenesta, for å få eit materialet der eg kunne få best mogleg grunnlag for å lære noko om det eg lurte på (ibid.). Prosessen med rekrutteringa starta på seinhausten 2020 der eg kontakta leiarane i barneverntenesta og NAV i ein kommune. Eg kontakta dei pr e-post, og sendte samtidig ved prosjektbeskrivinga min og samtykkeskjema. Begge leiarane var positive til å delta på mitt prosjekt, og gav tilbakemelding om at dei vurderte prosjektet mitt til å være spennande og relevant for dei å delta på.

Utvalet mitt vil bestod av tilsette på saksbehandlarnivå og leiarar i NAV og barneverntenesta. Begge tenestene hadde nettopp vore gjennom ei samanslåingsprosess med fleire kommunar, og hadde dermed vore gjennom ei periode der tenestene hadde auka i størrelse, men også ei periode der ulike kulturar og tilsette skal danne felles grunnlag for viktige tenester framover.

I dialogen med leiinga lot eg det være opp til dei å vurdere kven av sine saksbehandlarar som kunne ha kunnskap og interesse av å delta i fokusgruppeintervjua, men eit kriterie for dei NAV tilsette var at dei jobba med brukarar som kunne ha barn. Kriteria for informantane frå barneverntenesta var at dei hadde erfaring med å jobbe med undersøking og/eller tiltak med familiar med sosioøkonomiske vanskar. Kriteriar som kjønn, alder og fartstid innan NAV og barneverntenesta var ikkje faktorar som vart tatt omsyn til i utvalet. Eg visste dermed lite om fokusgruppa på førehand, eg stilte dermed med eit relativt ope sinn.

Eg vurderte at dei tilsette ville kunne gje meg svar på korleis barnets perspektiv bli utforska i arbeidet med familiar med låg inntekt, i tillegg til korleis dei grunnjev sin praksis. Leiinga vil også utfylle informasjon kring korleis dei vurderer sitt ansvar, mandat og rolle i forhold til familieøkonomi og barns levekår. Samarbeidet mellom NAV og barneverntenestene vil både tilsette og leiing kunne seie noko om.

I fokusgruppa til Nav var det fire deltakarar, alle var kvinner og hadde sosialfagleg utdanningsbakgrunn. Alle informantane hadde minimum tre års erfaring frå arbeid i Nav, og nokon hadde lang fartstid innanfor sosialt arbeid. For å skilje mellom dei ulike informantane, blir dei i resultatkapittelet beskrive med ein bokstav og eit tal. Kvar enkelt tilsett i Nav blir beskrive som N (NAV) og blir tildelt kvart sitt nummer, Leiarane vil bli beskrive som NL (NAV leiar), og. Det vil her bli gjort ein kort presentasjon av informantane i forhold til

- **N1**, kvinne, jobbar som rettleiar sosiale tenester, og jobbar med unge vaksne som mottar sosialstønad. Mange av desse har barn.

- **N2**, kvinne, jobbar som sakshandsamar sosiale tenester.
- **N3**, kvinne, jobbar som rettleiar i NAV, og jobbar med flyktingar og innvandrarar.
- **N4**, kvinne, jobbar som rettleiar, og jobbar mest med flyktingar og innvandrarar.
- **NL1**, kvinne, jobbar som assisterande einingsleiar for sosiale tenester i NAV.

I fokusgruppa til barneverntenesta var det også fire deltakarar. Utvalet her bestod av to menn og fire kvinner, der fem av dei hadde sosialfagleg bakgrunn. Informantane i barnevernet hadde større spenn i erfaringsbakgrunn enn Nav. Den strakte seg frå 6 månader til over 20 år. I resultatkapittelet blir dei tilsette i barneverntenesta beskrive som B (barneverntenesta) og nummer. BL (barneverntenesta leiing) og blir også tildelt nummer

- **B1**, mann, jobbar som sosialkurator.
- **B2**, kvinne, jobbar som kontaktperson i oppfølgingsteamet i barneverntenesta.
- **B3**, kvinne, jobbar som driftskoordinator i undersøkingsteamet.
- **B4**, kvinne, jobbar som driftskoordinator i oppfølgingsteamet.
- **BL1**, mann, er einingsleiar i barneverntenesta.
- **BL2**, kvinne, er assisterande einingsleiar i barneverntenesta.

3.5 Datainnsamling

I denne studien har eg valt å gjennomføre ein kombinasjon av fokusgruppeintervju med vignett med sakshandsamarar i NAV og barneverntenesta, og individuelle intervju med leiarar. Tema i fokusgruppene var todelt. Første del var spørsmål kring problemstillinga mi, for å undersøke Nav og barneverntenesta sine erfaringar, meiningar og haldningar kring barns medverknad. Andre og siste del av fokusgruppene vart avslutta med ein vignett, det vil seie ein case som eg hadde utarbeida for kvar av tenestene. Eg vurderte at individuelle intervju med leiinga etter fokusgruppene ville kunne gje meg utfyllande informasjon kring korleis tenestene vurderer sitt ansvar, mandat og rolle i forhold til familieøkonomi og barns levekår.

3.5.1 Fokusgrupper med kontaktpersonar

Eg vurderte at fokusgruppeintervju var ein hensiktsmessig framgangsmåte for å få svar på problemstillinga, for å kunne opne opp for at samtalar om erfaringar og haldningar frå dei ulike deltakarane ville komme fram. Gruppeintervju vert ofte omtalt som fokusgrupper, der vi introduserer studien sin problemstilling og spørsmål for ei gruppe som har relevans for prosjektet (Thagaard, 2019, s. 92)

I tillegg til å få viktig informasjon kring problemstillinga, vurderte eg at fokusgruppene kunne ha ein meirverdi i seg sjølv gjennom samhandlinga mellom deltakarane. Dette vil i følgje Malterud (2018) føre til at vi vil få ein anna innsikt enn ved individuelle intervju, og vil være ein særskilt god tilnærming dersom ein vil lære om erfaringar, haldningar og synspunkt i miljø der menneske samhandlar (Malterud 2018, s. 138). Ein anna fordel med fokusgruppeintervju er at du vil få samle inn fleire personar sine meiningar, tankar og refleksjonar i ein og same interaksjon, samstundes som du som forskar kan legge nokre føringar og bestemmelsar i kva dei skal reflektere rundt (Tjora, 2021, s. 138). I min studie la eg desse føringane ved å være bevisst i utforminga av intervjuguiden min. I intervjuguiden min var eg bevisst på å stille opne spørsmål, slik at eg kunne styre tema samstundes som det var informantane sine meiningar og ytringar som skulle være styrande.

Eg utarbeida ein temaguide for fokusgruppene og ein intervjuguide til dei individuelle intervju. Det var eit poeng at fokusgruppa drøfta ulike tema utan for mykje innblanding frå meg som forskar. Eg hadde derfor formulert drøftingstema i ein temaguide. Den vart utarbeida med utgangspunkt i problemstillinga mi og det teoretiske rammeverket for studien. Temaguiden var deretter delt inn etter forskningsspørsmåla mine, med underspørsmål til kvart forskningsspørsmål. På denne måten vart den eit hjelpemiddel for å halde fokus på tematikken og problemstillinga gjennom intervju. Det var viktig for meg å være såpass trygg i kva tema eg ville ha svar på at eg også klarte å lausrive meg frå intervjuguiden når det var nødvendig. Malterud (2018, s. 134) seier at det ikkje er ønskeleg å standardisere intervjusituasjonen, og at det kan være betre å bruke intervjuguiden som ei hugseliste.

Ein av utfordringane med fokusgruppeintervju, er at enkelte medlemmar av fokusgruppa kan ta stor plass og dermed føre til at deira synspunkt kan være dominerande for resten av gruppa. Dette kan igjen føre til at andre vegrar seg for å uttrykke sine synspunkt. Dette er viktig å være bevisst på når ein skal gjennomføre fokusgruppeintervju. Min posisjon som leiar av gruppeintervjuet vil dermed være viktig, ved at eg aktivt må oppmuntre alle til å delta, samstundes som eg må ha ein tilbaketrekt posisjon for å ikkje bevisst eller ubevisst påverkar diskusjonane i gruppa (Thagaard, 2019, s. 92). I den første fokusgruppa mi med saksbehandlarar i NAV opplevde eg at alle deltakarane var aktive, og at eg dermed kunne ha ein ganske tilbaketrekt posisjon. Samstundes hadde vi ein deltakar på Teams, noko som medførte at eg kjende eit ekstra ansvar for å følgje med på når ho ville ha ordet. I den andre fokusgruppa mi med barnevernet, var det særskilt ein deltakar som vart mindre deltakande enn dei andre. Eg prøvde å løyse det ved å av og til sjå bort på vedkomande når eg stilte nye spørsmål, men å trekke det mykje lenger enn det vurderte eg ikkje å gjere. I denne fokusgruppa var var også rettleiaren min med. I leiarintervjuet i barnevernet deltok både einingsleiar og assisterande einingsleiar.

3.5.2 Vignett

Ein vignett er ei simulering av verkelege hendingar eller skildringar av hypotetiske situasjonar (Wilks, 2004, s. 80). I forskingsstudiar kan dei bli nytta som verktøy for å utforske deltakarane sin respons på desse hypotetiske situasjonane (Wilks, 2004, s. 80). Bruk av vignett gav meg ein god moglegheit til å få informantane sin umiddelbare forståing og refleksjonar av konkrete eksempel. Eg utarbeida ulik vignett til NAV og barneverntenesta slik at det skulle opplevast mest mogleg relevant for begge tenestene, og forhåpentlegvis situasjonar dei kunne kjenne seg igjen i. Ved å nytte vignett rundt temaet mitt ønska eg å få synleggjort deltakarane sine handlingsforslag og refleksjonar kring temaet eg hadde valt. Dette gav meg også ein moglegheit til å samanlikne forståingane og vurderingane til desse to tenestene, for å vurdere korleis dei vurderer barnas situasjon i desse to vignettane. Eg vurderte også at bruk av vignett kunne gje meg nyttig informasjon om det førekom tydelege institusjonelle forståingar eller logikkar i måten dei to tenestene reflekterte på.

3.5.3 Individuelle intervju med leiarar

I tillegg til fokusgruppene valte eg også å gjennomføre individuelle intervju med leinga for NAV og barneverntenesta. Malterud (2018, s. 80) kallar det for semistrukturerte intervju, og hensikta er å hente fram erfaringane til deltakarane. I tillegg til leinga sine erfaringar var eg oppteken av å få fram deira vurderingar og tankar kring NAV og barneverntenesta sitt ansvar for barn som veks opp i låginntektsfamiliar.

Eg opplevde at desse intervjuar var nyttige inn mot å få ei større forståing av dei institusjonelle rammene som sakshandsamarane i tenestene jobbar under, kva tenestene opplevde som sitt ansvar, og ikkje minst kva dei vurderte var den andre tenesta sitt arbeid. Desse intervjuar opplevde også greitt å gjennomføre, alle leiarane var informative og eg opplevde at dei var engasjerte i dialogen og tema. På same måte som i fokusgruppa følgde eg opp utsegn med oppfølgingsspørsmål, eller repeterte det dei hadde sagt for å få bekrefte at eg hadde forstått dei rett.

3.5.4 Transkribering

Transkribering er ein prosess der forskaren omset det munnlege intervjuet til skriftformat, for å gjere materialet tilgjengeleg for analyse (Kvale & Brinkmann, 2018).

Eg transkriberte alle intervjuar mine sjølv, noko som var tidkrevjande men likevel nyttig. I følge Kvale og Brinkmann (2018) er denne struktureringa av munnleg tale til skriftformat ein start på analysefasen. Ved å transkribere materialet mitt sjølv, var nyttig då eg allereie i transkripsjonsfasen begynte å sjå nokre store linjer av tema som dei snakka om.

3.6 Studien sin kvalitet

Eg har valt å nytte omgrepa pålitelegheit og validitet som indikatorar for å vurdere kvaliteten på studien min.

I kvalitative studiar er ikkje spørsmålet kor vidt forskaren påverkar prosessen, men korleis (Malterud, 2018). Forskaren sine avtrykk vil følgje heile studien, heilt i frå val av problemstilling, til utval av informantar, til utforming av spørsmål til intervjuguiden og tolkinga av intervjuteksten. Også forskaren si samhandling med informantane vil være av betydning for korleis denne studien vert utforma. Forskaren som person vil alltid påverke forskingsprosessen og resultatata av dei, men dette er særskilt viktig i kvalitative studiar (Malterud, 2018).

3.6.1 Pålitelegheit

Pålitelegheit eller reliabilitet knytast til forskingsresultata sin konsistens og truverdigheit, og henviser til om eit resultat blir det same dersom ein anna forskar gjennomfører studien ved å nytte same metode (Kvale & Brinkmann, 2018, s.276).

Når det gjeld gjennomføringa av min studie, har eg nytta meg av kvalitative intervju, og det kan derfor være vanskeleg å forsikre seg om at studien har høg pålitelegheit. Den som intervjuar og informantane vil alltid påverke intervjuet, og dersom ein anna person hadde nytta same intervjuguide som meg, er det ikkje ein garanti for at resultatet hadde blitt det same. Eg har likevel gjort nokre grep for å styrke studien sin pålitelegheit. For å styrke pålitelegheita er det viktig at forskaren klarar å synleggjere relevante samanhengar mellom empiri, analyse og teori i sitt prosjekt (Tjora, 2021, s. 263). Han trekker fram eit særskilt sårbart forhold når det gjeld pålitelegheit i kvalitative studiar. Det gjeld utveljing og presentasjon av intervjusitat som ein synleggjer i studien sin, og kvifor ein vel å ta med nokre sitat og utelukke andre. For å ha best mogleg transparens til korleis eg har valt ut og presentert intervjusitat, har eg skildra analysestrategien min stegvis slik at lesaren skal forstå korleis eg har kome fram til mine resultat.

For å styrke pålitelegheita i intervjuva var eg veldig bevisst på å ikkje stille ledande spørsmål til informantane. Eg brukte også ei god tid på innleiing av kvart intervju for å skape ein trygg og god setting slik at informantane fekk ei oppleving av at dei kunne svare meg på ein så ærleg måte som mogleg, for å ikkje svare det som dei trur eg vil høyre.

Eg transkriberte også materialet mitt sjølv, noko som sikra at eg analyserte kva dei faktisk sa, meir enn mitt minne om kva dei sa. Dette gjer at eg har prøvd å forholde meg lojalt til dei faktiske utsegna som framkom, og sjekka dette opp mot min eigen forforståing. Eg har også valt å nytte mange sitat undervegs, når eg legger fram prosjektet sine resultat. Dette for å underbygge konklusjonane

ytterlegare. På den andre sida kan være ein svakheit i forhold til reliabilitet at det er eg aleine som har gjennomført intervju, transkripsjonane og analysen av materialet. Det blir derfor viktig at framstillinga for korleis eg har gjennomført studien er tydeleg og transparent. For å tydeleggjere dette har eg heile vegen redegjort for, samt beskrive framgangsmåten eg har nytta meg av. Dette gjeld alt frå utval og rekruttering, utarbeiding av intervjuguide og gjennomføringa av intervju, transkripsjon og analysefasen. Det at eg så langt som mogleg prøvd å gjere studien transparent, meiner eg har styrka studien sin pålitelegheit.

For å få ei påliteleg oppgåve er det viktig å reflektere over forforståelsen min og min posisjon kan påverke studien min. Dette har eg reflektert rundt i avsnittet om forforståing. Vidare for å sikre pålitelegheit har eg gjort greie for korleis eg har gått fram i rekrutteringsprosessen for å finne fram til utvalet mitt, og korleis forløpet med analysen har vore.

Gjennom tematisk analyser må ein gjennom prosessen være bevisst på at vi lausriv delar av dei opprinnelege data frå den samanhengen dei vart presentert i. Dette ved å ta ein tekst som er eit samarbeid mellom forskar og deltakarar og deler den opp i tema (Thagaard, 2018, s. 179). Ein konsekvens av dette er at det er forskaren som definerer tema, som igjen er ein del av ein fagleg tradisjon som vil prege forståinga av data. Dette kan føre til dei resultatane vi presenterer kan opplevast som framandgjerande for deltakarane (Thagaard, 2018, s. 179).

3.6.2 Validitet

Validitet handlar om å undersøke feilkjeldene, der ein som forskar skal spele djevelens advokat overfor sine eigne funn (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 279). Vidare handlar det om at det skal være ein logisk samheng mellom spørsmåla ein prøver å finne svar på, og studien sin utforming og funn. (Tjora, 2021, s. 260). Transparens kan være ein viktig faktor når ein skal synleggjere validitet i studien sin, noko ein kan gjere ved å beskrive teoretisk ståstad som representerer grunnlaget for forskaren sine tolkingar, og viser korleis analysen gjev grunnlag for konklusjonane og resultatane ein har kome fram til (Thagaard, 2019, s. 189). Det er viktig som forskar å være kritisk gjennom analyseprosessen, og gjerne få hjelp av andre til å stille kritiske spørsmål til våre analyser slik at alternative perspektiv kan gje relevant forståing (Thagaard, 2019, s. 189).

I intervjusituasjon kan deltakarane være påverka negativt ved at eg stiller spørsmål ved deira praksis, og at dette kan opplevast som kontroll (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 51-52). Deltakarane visste også på førehand at eg jobbar hjå Statsforvaltaren, noko eg tenkte kunne styrke følelsen av at dette var kontroll av praksis. Derfor var det viktig at eg avklarte min rolle i starten av intervju, og understreka at eg var her som student, og for å lære av dei. Det kan likevel tenkast at dette kan ha påverka svarene eg fekk. Eg opplevde likevel at deltakarane gav detaljerte og gode beskrivingar kring temaet barns

medverknad i låginntektsfamiliar, og vurderer derfor at informantane sin nærleik til temaet var gyldig. Dei gav utfyllande beskrivingar, og mykje nytt som eg ikkje hadde forventa meg på førehand, slik at eg fekk eit tydeleg bilde av eit stort og komplekst fagfelt. Det at eg fekk ein informasjon som var annleis enn det eg på førehand hadde trudd, gjorde også at eg fekk resultat som eg ikkje hadde forventa meg, noko ein kan tolke som om at informantane kjende seg trygge i situasjonen og var opne kring temaet. Dei gav også tilbakemelding i etterkant av intervjuet, at dei hadde syns det var spennande og interessant.

3.7 Forskingsetikk, personvern og informasjonstryggleik

Dette er ein intervjuundersøking, og kan dermed sjåast på som ei moralsk undersøking, sidan det er knytt moralske spørsmål både til undersøkinga sine midlar og mål (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 95). Dette forklarar Kvale og Brinkmann (ibid.) vidare med at intervjuet er eit menneskeleg samspel som påverkar intervjupersonane, samt at kunnskapen som vert produsert i intervjuet, påverkar vårt syn på menneskets situasjon. Heile forløpet i ei intervjuundersøking vert prega av etiske problemstillingar, og det er derfor viktig å ha med seg det etiske perspektivet gjennom heile forskingsprosessen (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 97). Deltakarar skal ikkje ta skade av å delta i forskingsprosjektet og forskaren har ansvar for å beskytte deltakarane sin integritet og unngå at forskinga medfører negative konsekvensar for dei (Thagaard, 2019, s. 26). Det er mindre risiko å intervjuet tilsette i NAV og barneverntenesta, enn særskilt sårbare grupper som barn eller andre brukarar av desse tenestene. Samstundes er det viktig at vi som forskarar er forberedt på at deltakarane i studien vil lese resultatene, og kan oppleve det som krevjande å sjå sine egne utsegn i ein analytisk samanheng (Thagaard, 2019, s. 27). Informert samtykke gjev deltakarane ein viss kontroll over eigen deltaking, og prinsippet om konfidensialitet stiller krav til korleis forskaren handterer informasjonen som blir gitt i intervjuet (Thagaard, 2019, s. 27).

Deltakaranes konfidensialitet vart ivaretatt ved anonymisering. Deltakarane var identifisert med kodar med bokstavar og tal, noko som gjorde at deltakarane ikkje kan kjennast igjen. Intervjuet føregjekk på egne møterom og kontor hjå NAV og barneverntenesta, og intervjuet vart tatt opp på band. Dette vart oppbevart innelåst, fram til transkriberinga var ferdig. Transkriberinga vart gjennomført på ein datamaskin, og eg nytta øyrettelefonar slik at ingen andre kunne høyre kva som vart sagt. Det vart deretter lagra på ein kryptert minnepenn. Opptaka vart sletta etter at transkriberinga var ferdig. Når eg skulle skrive resultatene mine var eg bevisst på å anonymisere sitat, samt å belyse synspunkt som er felles for fleire av deltakarane. I tillegg er det eit ansvar når ein siterer, at ein er bevisst på særskilte ord og uttrykk som kan føre til identifikasjon (Thagaard, 2018, s. 180). Dette er noko eg har vore bevisst på gjennom analysefasen.

Prosjektet er godkjent hjå NSD. Eg skulle intervjuje sakshandsamarar i NAV og barneverntenesta, og det vart derfor søkt om tillatelse frå Norsk senter for forskingsdata (NSD). Prosjektet vart godkjent 18.09.2020 (vedlegg 3).

Då eg ikkje skulle intervjuje barn eller andre brukarar av desse tenestene i studien min var prosjektet ikkje meldepliktig til Regional etisk komité (REK).

Informasjon om prosjektet var først sendt til leiarane for tenestene, før eg fekk tilsendt e-post adressene til dei aktuelle deltakarane og sendte informasjonsskriv (vedlegg 2) direkte på e-post til alle deltakarane. I forkant av intervjuja gjekk me gjennom informasjonsskrivet og såleis sikra at deltakarane hadde forstått kva prosjektet handla om, at det var frivillig å delta samt at dei når som helst kunne trekke samtykket sitt. Før intervjuja skreiv alle saman under på samtykkeskjemaet, som deretter vart oppbevart innelåst gjennom heile prosjektperioden for å ivareta deltakarane sin anonymitet. I forkant av intervjuja vart det også gitt informasjon til alle deltakarane at dei ikkje måtte gje informasjon eller syne til eksempel som kunne føre til at brukarar av tenestene vart gjenkjent.

4.0 Metode for analyse av datamaterialet

4.1 Tematisk analyse

I denne studien har eg valt å nytte meg av tematisk analyse (Braun & Clarke, 2006). Tematisk analyse er ein metode som er lett å lære seg for studentar som ikkje er så erfarne med kvalitative studiar, samt at den kan danne eit grunnlag for å lære andre former for kvalitative analyser ved seinare anledningar (Braun & Clarke, 2006, s. 78). Tematisk analyse er ein metode for å identifisere, analysere og rapportere mønster eller tema av kvalitativt datamateriale (Braun & Clarke, 2006, s. 77).

Før ein tar i bruk tematisk analyse, er det naudsynt å ta nokre val, før analysen kan starte (Braun & Clarke, 2006, s. 82). Det første spørsmålet eg måtte ta stilling til er korleis eg vil finne tema i datasettet mitt, og at eg må avgjere kva som skal reknast som tema. Dette handlar ikkje om å setje strenge kriterier, som kor ofte noko går igjen i datasettet, men det handlar om viktigheita av min dømmekraft for å avgjere kva kan være gjenstand for tema (Braun & Clarke, 2006, s. 82). Når man skal danne tema er det viktig å avgjere kva eg finner som relevant opp mot min overordna problemstilling.

Før eg setter i gang med analysen må eg også ta stilling til kva nivå eg ønskjer å danne tema ut i frå. Eg kan enten velje å danne tema med utgangspunkt i dei meiningane som er uttalte og beskrivne i transkripsjonane, det som kallas for eit semantisk nivå, eller eg kan gå djupare for å undersøkje det

latente nivået, som vil seie at eg er oppteken av å finne kva underliggjande ideologiar som kan liggje til grunn for det som blir sagt. Analyseprosessen i min studie har stort sett vore på å identifisere latente tema, sidan målet mitt var å prøve å tolke informantane sine meiningar og ha fokus på å identifisere strukturelle og ideologiske forhold på systemnivå som har innverknad på praksis for utforsking av barneperspektivet og samarbeid mellom barneverntenesta og NAV. Målet med dette var å finne meiningsinnhald knytt til barns perspektiv, levekår og ansvar. Dette vurderte eg at eg ikkje kunne gjere ved å telle antallet utsegn, men å finne fram til innhald som kunne gje svar på forskningsspørsmåla mine. Likevel var eg nok også innom semantisk nivå i starten av analyseprosessen, når eg såg over datasettet for å sjå etter mønstre.

Eg ønska å gjere ein teoretisk informert tematisk analyse (Braun & Clarke, 2006). Eg valte denne tilnærminga for å identifisere ideologiar til barns medverknad i arbeidet med familiar med levekårsutfordringar. Å gjere analysen på denne måten tar eg utgangspunkt i min eigen forforståing og interesse for problemstillinga, og gjer meg fordelen av å gå djupare inn i enkelte aspekt av datagrunnlaget mitt.

4.2. Beskrivinga av analysen

Analyseprosessen i tematisk analyse består av seks fasar, og i denne prosessen vil forskaren bevege seg fram og tilbake mellom fasane. Eg vil her beskrive korleis eg gjennomførte analysen trinn for trinn, i korte trekk. Eg vil har til slutt laga tre modellar for å synleggjere korleis kodegrupper vart slått saman og korleis tema vart danna.

Fase 1 Bli kjend med datamaterialet

Den første fasen handlar om å bli kjent med datamaterialet ein har samla inn. Eg transkriberte alle intervju min sjølv, og på den måten vart eg godt kjent med innhaldet i datamaterialet mitt. Eg transkriberte alt ordrett. Det tok lang tid å transkribere alt sjølv, men tida var ikkje bortkasta da eg utvikla ein grundig forståing for materialet mitt (Braun & Clarke (2006, s. 88). Ein måte som fungerte for meg under transkripsjonen var å ha to PCer tilgjengeleg, der eg spelte av opptak på den eine, medan eg skreiv på den andre. Når alt var ferdig transkribert gjekk eg vidare ved å lese gjennom materialet mitt fleire gonger, for å sjå etter meining og mønster, samstundes som eg noterte meg stikkord og idear for det vidare arbeidet. Eg valte å sjå på vignetten for seg.

Fase 2 Lag dei første kodane

Å identifisere koder er å finne ut kva som framstår som interessant for meg i datasettet mitt, og leite etter det som eg finner som dei mest grunnleggjande elementa i teksten min, ein kan gjerne kalle det rådata av informasjon som eg vurderer som meiningsfulle i mine analyse (Braun & Clarke 2008, s. 88).

Materialet mitt var sett i saman av ulike delar, både fokusgruppeintervju, vignett og individuelle intervju frå to ulike tenester. Eg valte analysere NAV og barneverntenesta for seg, og gjorde det same med fokusgruppeintervjua, vignetten og dei individuelle intervjua.

Eg starta fasen med å lese gjennom materialet mitt ein gong til, og gjennom dette sjå etter koder. Det krevde ein systematisk gjennomgang, for å prøve å finne mønster, for å organisere datamaterialet mitt i meningsfulle grupper. Med utgangspunkt i forskningsspørsmåla mine stilte eg tre spørsmål til det transkriberte materialet; «kva seier dei om barn/barns medverking?», «kva seier dei om levekår/fattigdom»? og «kva opplever dei som sitt ansvar/den andre tenesta sitt ansvar kring barn som veks opp i familiar med levekårsutfordringar?». Når eg såg på vignetten stilte eg følgjande spørsmål til det transkriberte materialet: «Korleis vurderer dei barnets situasjon», «korleis vurderer dei familien sine utfordringar» og «kva tenkjer dei om sitt eige, og den andre tenesta sitt ansvar her/evt. samarbeid?». Eg brukte deretter markeringstusj i forskjellige farger for å merke av i teksten der dei snakka om desse tema. Dette vart ei grovskisse for vidare steg i analysen. «Skjerming av barn for foreldre sine økonomiske vanskar» er eit eksempel på ein kode for at NAV sin refleksjon kring barn og barns medverking, medan «rydde i kaos» er ein kode for barneverntenesta si erfaring av å jobbe med økonomi som ein del av tiltaksfasen.

Koder skil seg frå tema ved at dei er meir spesifikke, medan tema blir på ein møte større og meir omfattande. Eg følgde i løpet av denne kodeprosessen råda frå Braun & Clark ved å kode mot så mange tema som eg kunne, då eg ikkje kan vite kva som eg kan finne interessant ved ein seinare anledning. Sjølv kodinga var gjennomført ved at eg trakk ut interessante sitat og tekst frå datamaterialet mitt, som vart samla i eige dokument. I dette dokumentet skilte eg kodane ut i frå spørsmåla eg hadde stilt til teksten på førehand.

3 og 4 Leit etter tema og gå kritisk gjennom tema

I denne fasen retta eg fokuset mot å danne breiare tema. Eg starta derfor med å sjå på korleis ulike kodar kunne bli slått saman til å danne overordna tema. Braun og Clarke (2006) anbefalar at man i denne fasen nyttar seg av eit tankekart eller eit skjema i arbeidet for å samle dei ulike kodane under passande tema, noko eg også nytta meg av.

Eg fortsette på same måten då eg gjekk over til den fjerde fasen med å gå kritisk gjennom tema, og for å sjå om nokre tema kunne bli slått saman. Det var også ein fase for å sjekke kvaliteten på dei tema eg hadde funne i den tidlegare fasen og sjå dei opp i mot problemstillinga og forskningsspørsmåla mine. I denne fasen såg eg og kva kodar som ikkje passa inn under nokon av tema, dette seier Braun & Clarke (2006) kan være naturleg i denne fasen. Eg forkasta likevel ikkje desse kodane, men tok vare på dei i tilfelle dei skulle syne seg å være nyttige seinare i prosessen.

Braun & Clarke (2006) trekker fram at det ikkje er uvanleg i denne fasen at det kan dukke opp nye tema, som ein dermed må gå tilbake i fasane for å kode. Det skjedde også med meg, der for eksempel temaet «heilheitleg tenking» var til for å beskrive korleis NAV og barneverntenesta definerte sitt eige og andre sitt ansvar i høve barn og levekårsproblematikk.

I slutten av fase fire såg eg meg fornøgd med korleis tema og kodar vart kopla saman, og at det danna seg meining i datamaterialet mitt.

5. Definer og gje temaa namn

Denne fasen handla om å nemne og definere dei ulike tema, og finne essensen av kvart enkelt tema dreier seg om (Braun & Clarke, 2006, s. 92). Tema presenterast i følgjande tre figurar. Her synleggjer eg korleis kodegruppene mine vart til overordna tema. Nærmare beskriving av tema kommer fram i presentasjon av funn i neste kapittel. Fase seks dreidde seg om å skrive funna i analyseprosessen, altså skrive resultatkapittelet.


Figur 2: NAV – Tema med kodegrupper



Figur 3: Barnevernet – Tema og kodegrupper



Figur 3: Vignettdiskusjon.



I neste kapittel vil eg presentere resultatane mine, der eg vil ta utgangspunkt i identifiserte tema frå analysefasen.

5.0 Resultat

5.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg presentere resultatata frå intervjua gjennom ei tematisk framstilling. Tema er utarbeida for å gje ei forståing av studien si problemstilling:

«Kva forhold påverkar barneperspektivet i NAV og barneverntenesta sitt arbeid med barn i låginntektsfamiliar».

Det var eit gjennomgåande trekk i materialet mitt at både NAV og barneverntenesta var samde i at barneperspektivet var viktig i deira arbeidskvardag. Likevel kom det fram forhold som kan få betydning for i kva grad barneperspektivet kom fram og korleis barns medverknad vart praktisert i arbeidet. Eg vil i dette kapitlet seie noko om mine funn av barrierar og moglegheiter for utforsking av barneperspektivet. Tema eg har valt for presentasjon av funn bidrar til å kaste lys over problemstillinga mi. Det er viktig for meg at informantane si stemme kjem fram i resultatdelen, og det har eg gjort ved å bruke direkte sitat frå informantane. Eg har presentert deira stemme ved å gjenfortelje noko av det dei seier med egne ord, samstundes som eg har brukt sitat som ein måte å eksemplifisere og utdjupe tema på.

5.2 NAV - Informasjonsinnhentinga går gjennom foreldra

Analysen av materialet mitt syner at dei tilsette i NAV ikkje snakkar direkte med barn, men prøver å innhente barnets perspektiv gjennom å snakke med foreldra om kva barna deira treng. Det at Nav ikkje snakkar direkte med barn kan påverke kva barneperspektiv som blir dominerande og som ligg til grunn for utforming av beslutningar om hjelp. Dette kan være ei barriere for utforsking av barnets perspektiv. Empirien som eg syner fram her, vil illustrere desse samanhengane. Nav tematiserer barnas behov med foreldra, men dersom foreldra ikkje samarbeider, har dei lite verkemiddel for å komme vidare. Fleire av informantane frå NAV snakkar om at det er viktig å få ein god relasjon til foreldra for å få fram barneperspektivet. Leiar bekreftar spørsmålet om foreldrerelasjonen når det gjeld å få fram barneperspektivet på denne måten:

«Dette med barneperspektivet, det er jo litt vanskeleg og utfordrande fordi vi ikkje snakkar med barna, så det er jo viktig for oss å få ein god relasjon til dei vaksne. Vi må undersøke og kartlegge korleis situasjonen er for barna, det er vårt ansvar. Det at vi husker å spørre om barna, blir NAV sitt ansvar i forhold til familien»

Informantane skildrar på same måte at dei er avhengige av at foreldre bærer fram sine barns behov, og at dei må ha tillit til at det foreldra bringer fram er til det beste for barna. Analysen min får likevel fram ulike forhold som kan spele inn på i kva grad NAV kan stole på informasjonen som foreldra kjem

med. Blant anna seier fleire av informantane at dei har erfaring med at foreldre kan bruke barna til å få støtte til ting som ikkje kjem barna til gode. N3 skildrar eit dilemma dei ofte kan møte på i forbindelse med dette:

«Det er jo eit dilemma at vi innvilgar pengar til klede og utstyr og så ser vi ved seinare søknader at det ikkje er gått ut pengar av kontoen til desse formåla. Då får vi alltid sånne luftige forklaringar om at ein har tatt ut pengar og gitt til kreti og pleti, og det er jo ikkje verifisert at barnet har fått det foreldra har søkt om hjelp til og som vi har innvilga. Men kva skal vi gjere, vi kan jo ikkje akkurat springe rundt å kjøpe klede og utstyr og bære heim til folk»

N4 utdjupar korleis dette gjer det vanskeleg for NAV tilsette å ta vurderingar til barns beste, og som syner Nav sine begrensingar i verkemiddel dersom foreldre ikkje samarbeider:

«Då er det jo det at dei brukar barna. Vi vurderer at dette er noko barna treng og er nødvendig, og så blir det ikkje brukt til det formålet, så gjer det jo veldig utfordrande for oss, i forhold til råd og rettleiing, vurderingar og dette med å ta vurderingar for barnets beste inn i saka».

Analysen min syner at eit hinder i det å bruke foreldra til å få fram barneperspektivet er at dei tilsette i NAV kan oppleve at foreldra ikkje ønskjer å snakke om barna sine, slik at det er krevjande å få utforska kva behov barna har. N2 forklarar det på følgjande måte:

«Man merker jo at det ikkje er alle foreldre som ønsker å snakke om ungane og berre feiar det litt vekk, at dette har dei kontroll på, at dei berre vil ha pengar til livsopphold og så klarer dei resten sjølv»

Det kom også fram i analysen min at det å innhente informasjon om barneperspektivet og barnets situasjon frå foreldra, gav Nav ei avgrensa forståing av barnas behov, på grunn av at Nav er avhengige av den informasjonen foreldra vidarebringer. Analysen mi syner vidare at informantane frå Nav ser på barn som sårbare, og at barn må skjermast frå det som har med økonomi og foreldras dårlege val å gjere.

«Men eg kjenner litt på det, altså eg meiner at ungane ikkje skal bli belasta av foreldra eller familien sin dårlege økonomi og dårlege val...altså eg tenker at barna skal bli skjerma frå den biten og då blir det kanskje naturleg at ein først og fremst tar tak i dei økonomiske problemstillingane sant, og så når me har landa

den biten er det meir naturleg å gå inn i ein avklaring av barna på eit seinare tidspunkt»

At berre informasjon frå foreldra dannar grunnlag for Nav sitt barnesyn, og at Nav samstundes meina at barn bør skjermast frå økonomi og andre utfordringar i familiane, kan bidra til å gje Nav ei avgrensa forståing av barns behov for hjelp. Nav beskriv at dei er avhengige av ein god relasjon til foreldra, men at dei ikkje alltid kan stole på det foreldra seier og at foreldre ikkje alltid ønskjer å snakke om barna sine. Samstundes kan tanken om at barn må skjermast bety at foreldra sine interesser er og blir styrande for kva informasjon Nav tilsette får om barna. Dette kan være hemmande på ein måte som gjer at barn i låginntektsfamiliar vil kunne få ulikt tilbod og ulik behandling alt etter som kva som er i foreldras interesser eller foreldra sine behov. Dette kan fort bli eit system der barnas behov ikkje i stor nok grad blir fanga opp av det offentlege.

Frå desse synspunkta frå dei NAV-tilsette kan det være rimeleg å anta at NAV sine retningslinjer og lovverk på dette området ikkje fungerer etter hensikta, og at i fleire tilfelle er det ikkje tilstrekkeleg at foreldra bærer fram barnas perspektiv.

5.3 NAV – Mangel på tid og kapasitet

Det kom fram av intervjuet at tid og kapasitet i kvardagen er noko som hemmar dei NAV tilsette i utforsking av barnets perspektiv, både knytt til det å ha tid til å snakke direkte med barn, men også tid til å eventuelt følgje barna opp i etterkant. Fleire av informantane snakka om mangel på tid og kapasitet som ein faktor som kan føre til at dei føler dei må prioritere andre oppgåver enn å snakke med barn eller ha større fokus på barneperspektivet. N1 snakkar om at ho opplever å ha «må», «bør» og «kan» oppgåver, og på grunn av tidsmangel må ho prioritere «må» oppgåvene sine. Ho snakkar om føringane nasjonalt, som krev at vedtak og henvendingar til NAV må skje innan fristar og at det kan opplevast som krevjande å ha tilstrekkeleg kapasitet. Ho beskriv det slik:

« Hadde vi hatt meir kapasitet så hadde vi kanskje gått meir inn i dette med barn, men du kan ikkje gå inn i meir enn du klarer å følgje opp. Av og til må ein berre la det ligge for du har meir enn nok med andre oppgåver»

Med dette kjem det fram at det også kan være organisatoriske utfordringar knytt til systemet som gjer at tilsette nedprioriterer oppgåver som har med utforsking av barneperspektivet og barnets behov fordi dei opplever å ikkje ha verken tid eller kapasitet til å gjere dette. Dersom tilsette hadde opplevd å ha meir tid og kapasitet, er dette noko som kunne bidratt til å fremme barneperspektivet i NAV sitt arbeid. Mine funn syner likevel at mangel på tid og kapasitet kan være ei barriere for barns deltaking i Nav.

5.4 NAV - Fattigdom som eit individuelt foreldreansvar

Min analyse synte at Nav ofte tolka økonomiske vanskar i familien som disponeringsvanskar, som vil seie at familien i utgangspunktet har god nok økonomi, men disponerer den feil og dermed blir ein låginntektsfamilie. Eit gjennomgåande tema i fokusgruppa handla om det å kunne klare seg med lite midlar, samt det å kunne disponere pengane riktig. Ordet «nøktern standard» vart nemnt av fleire informantar, og dette vart nemnt i samanheng med at mange forventar å ha det same som alle andre, men at det kan være ein urealistisk forventning. Fleire av informantane nemner for eksempel at foreldre må kjøpe klede og utstyr brukt, kanskje ha mindre skifteklede i barnehagen eller å spare pengar på å lage mat frå botnen av. Informantane snakkar mykje om brukarane si disponeringsevne, og at dei opplever at mange foreldre har økonomi til å klare seg, men ved å disponere pengar feil så kan det gå utover barna. N2 beskriver si oppleving på denne måten:

«Eg har jo hatt saker der foreldre har hatt disponeringsvanskar, barna har fått klede og sånne ting, men at dei ikkje har betalt straum eller forsikringar og sånne ting. Då går det jo utover ungane på den måten, at dei plutseleg står der utan straum, men då veit dei at NAV dekkjer den straumrestansen fordi ungane ikkje kan bu i eit hus utan straum»

Det å oppleve seg som ein låginntektsfamilie er noko som fleire av informantane kjem innom i løpet av intervjuet, og ein kan få ein tanke om at det kan råde ei forståing av at låginntekt og det å leve i fattigdom ikkje alltid er ein realitet. Informantane merker forskjell på brukarar og kva dei krev av støtte. N1 forklarar det på denne måten:

«Men eg ser at det er nokon, dei er veldig på, altså det er ikkje grenser for kva dei barna har. Dei har nesten behov for meir enn andre som er i arbeid kan gje til barna sine, også har du dei som igjen har hatt sosialhjelp samanhengande over lang tid, men det har ikkje søkt om ein einaste ting»

N3 bekreftar også dette med val og prioriteringar, og noko som ikkje NAV alltid kan ta omsyn til:

«Eg ser jo og at bil og bilutgifter i låginntektsfamiliar, altså den bilen den må dei ha sjølv om dei ikkje har råd til det. Og det er klart at dei prioriteringane, det stel av familien sin midlar utan at NAV kan ta omsyn til desse utgiftene fordi det fell utanfor nødvendig livsopphold. Og då kjem vi tilbake til foreldre sine val og prioriteringar.»

Det framstår som ei felles oppfatning blant informantane at sosialstønad skal være siste alternativ, og fleire ting skal være utprøvd før ein tenker at ein innvilgar ein familie sosialstønad. N3 skildrar det slik:

«Folk må forstå at sosialhjelp ikkje er det du skal ha først, du skal ha utnytta alle desse andre moglegheitene, og det strever eg veldig med, med nokon av mine brukarar. Søke dagpengar, altså utnytte moglegheitene sine, være aktiv arbeidssøklar, for å skaffe det inntekt som også vil komme barnet ditt til gode».

Intervjua fekk fram at informantane erfarer at foreldre sine val kan gå i arv til barna. Når det gjeld sosialstønad er det fleire av informantane som snakkar om at sosialstønad kan være ei kvilepute for mange, og at dette kan gå i arv til barna. N4 skildrar det slik:

«Og då blir dei ståande veldig i ro, og får ei sånn kvilepute, barna tar på ein måte i lære at viss eg dropper ut av skulen så fikser det seg, eg får jo pengar uansett ein plass».

Fleire informantane snakkar om dette som «den sosiale arva». Som nemnt overfor kan det tyde på at det er ei forståing hjå Nav at for mange foreldre er det å leve i fattigdom eit resultat av vala du tar. Det informantane seier vidare handlar om at desse vala foreldra tek kan påverke barna, ved at deira val går vidare til barna. Som eksempel nemner ein informant at foreldre som ikkje har disponeringsevne og som står utanfor arbeidslivet, vil gje dette vidare til barna som også blir sosialklientar når den tid kjem. N3 skildrar dette her:

«Barn som veks opp med foreldre som ikkje har disponeringsevne, som står utanfor arbeidslivet og dei har ein vanskeleg livssituasjon, det går vidare til barna så barna blir sosialklientar når den tid kjem. Barna kjem da inn i systemet relativt kjapt»

Fleire av informantane snakka også om at mangel på integrering kunne gå i arv frå foreldre til barn. I forhold til Nav sitt arbeid med flyktningar og innvandrarar blir dette dratt fram som ei utfordring, samstundes som integrering også beskrive som eit val. N4 beskriver val og motivasjon for integrering slik:

«I forhold til flyktningane så ser ein jo det at dei foreldra som har lyst til å integrere seg, der målet er å komme seg ut i jobb, målet er å bli sjølvstendig, der ser ein at barna får seg deltidsjobb ved sida av skulen og tenker på utgiftene og begynner på vgs»

Slik kan fokuset hjå informantane i Nav bære preg av at fattigdom er eit individuelt foreldreansvar, der den enkelte brukar sine val knytt til faktorar som integrering, arbeid, levestandard og disponering av økonomien er sentrale moment. Som mi tolking synar, kan forståinga informantane frå NAV ha med seg inn i arbeidet få betydning for korleis ein ser barna i dette arbeidet. NAV sine krav og vurderingar om at foreldre må ta meir ansvar for rett disponering av pengar før NAV kan gje meir støtte, kan bidra til at barna ikkje får den hjelpe dei treng. Dette kan bety at Nav ikkje tek direkte ansvar for dei konsekvensane foreldres disponeringsvanskar kan få for barna.

5.5 Innleiing barnevernet

I min analyse av intervju med informantane frå barneverntenesta identifiserte eg tre tema; «Å forstå familiars problem i relasjon til levekår», «Mangel på verktøy og tiltak» og «Skam og tabu som barriere». Dei identifiserte tema i barneverntenesta skil seg frå tema identifisert hjå Nav ved at dei i større grad fortel noko om forhold som hemmar barnevernet i å fokusere på levekår i sitt arbeid. Det er eit gjennomgåande tema at barnevernet snakkar med barn og er oppteken av barns medverknad. Mine funn syner likevel at barnevernet sitt manglande fokus på levekår kan avgrense barns moglegheiter til å fortelje om denne sida ved sin oppvekst og få naudsynt hjelp ved behov.

5.6 Å forstå familiars problem i relasjon til levekår

Min analyse får fram at barneverntenesta ikkje har ein tydeleg praksis der utforsking av levekår er innarbeida i tenesta si faglege tenking. Dette kan føre til at ein familie sine problem sjeldan blir sett i relasjon til levekår, og kan føre til at barneverntenesta ikkje ser heile bilete av kva som kan skape problem i ein familie. Dersom barneverntenesta ikkje tematiserer dette saman med familien, kan dette også hemme arbeidet med å få fram barnets stemme, og avgrense at barn får moglegheit til å fortelje om vanskar knytt til levekår. Likevel er fleire av informantane tydelege på at dei tenker at økonomi og levekår har stor betydning for barn og deira foreldre. BL1 seier følgjande om betydninga av levekår og økonomi for familiar:

«Vi ser jo at det er ein betydeleg faktor i folk sine liv. Økonomi er beina familien skal stå på, viss det ikkje er skikkeleg, så raknar mykje anna og».

Eit gjennomgåande tema er korleis barneverntenesta jobbar i undersøkingar, for å sjekke om det også kan være vanskar knytt til levekår i ein familie. B3 som jobbar med undersøkingar viser til barnevernlova som seiar at dei ikkje skal undersøkje meir enn nødvendig når dei får ei bekymringsmelding. Det kan bety at dersom meldinga ikkje omhandlar økonomi, vil undersøkinga mest truleg ikkje komme innom dette temaet, dersom ikkje foreldra eller barnet sjølv problematiserer dette.

«Det handlar om innhaldet i meldinga som ofte ikkje er økonomi, det handlar om vald eller omsorgssvikt eller andre ting. Viss vi får ei melding om ein familie vi ikkje kjenner frå før, så handlar undersøkinga om det som står i meldinga eigentleg».

Fleire informantar snakkar om at levekår eller sosioøkonomiske forhold kan få betydning for den totale belastninga for ein familie, og B2 seier følgjande kring utforsking av valdsproblematikk:

«Ja altså vold, det er så mange forskjellige ting som kan trigge og føre til vold, og hvis du strever økonomisk da så er det kanskje mindre som skal til før du blir uregulert og utagerer da. Økonomi er jo viktig i sånne saker, å sjekke ut»

Det kjem likevel fram frå fleire informantar at levekårsutfordringar sjeldan blir tematisert i undersøkinga, men kan kome meir tydeleg i tiltaksfasen når dei bli meir kjent med familien. Nokre informantar fortel om eksempel på at vanskar knytt til levekår har kome fram nærmast som ein tilfældighet, medan andre meiner at det kan handle om tillit, og at økonomiske vanskar ofte kjem fram når familiane har opparbeida seg tillit til saksbehandlaren i barneverntenesta.

Analysen min syner at når barneverntenesta ikkje forstår ein familie sine problem i relasjon til levekår, kan dette avgrense barns moglegheiter til å få fortelja om denne sida av livet sitt. Dette fører igjen til at barneverntenesta får manglande kjennskap til og kunnskap om barns levekår.

5.7 Barnevernet manglar verktøy og tiltak knytt til levekår

Intervjua fekk fram at barneverntenesta kan oppleve å mangle faglege verktøy for å utforske barns levekår. Analysen min syner at dette kan føre til at det ikkje blir ein del av barneverntenesta sin faste praksis å utforske og tematisere levekår og økonomi i sitt arbeid med desse familiane. B4 forklarar ei utfordring med å utforske levekårspektivet med barn på denne måten:

«Vi har kanskje ikkje dei verktøya eller kartleggingsinstrumenta, eller vi har ikkje ein prosedyre, altså vi manglar dei tinga der, og då er det naturleg at det ikkje er ein del av den faste praksisen på eit vis».

B3 som jobbar mest med undersøkingar seier at det å tematisere levekår med barn ikkje er ein del av fast praksis hjå barnevernet ennå:

«Der vi fangar opp at det er utfordringar i økonomien så bør vi, skal vi jo, snakke med barnet om det avhengig av alder og modning. Men i kor stor grad vi gjer det, veit eg ikkje heilt om eg klarer å svare på, eg tenker vi treng å jobbe meir med å bli betre på det».

BL1 i barneverntenesta meiner at barnevernet sitt repertoar i barnesamtalen bør utvidast. BL2 utdjupar dette:

«Vi har tenkt at det vi må bli betre på er jo å spørje barna om dette med økonomi, å gjere det til ein sånn fast ting. At vi må ha større trua på at dei kan bidra med svar på det, eller at dei kan snakke om eigne behov i forhold til det som gjeld økonomi da».

Fleire av informantane skildrar at dei føler at dei fortsatt ikkje har utvikla ein felles praksis på utforsking av levekår, og at det fortsatt blir gjort litt ulikt alt etter kven som er saksbehandlar. Det er einigheit blant informantane om at det kan være behov for å utvikle verktøy som dei kan bruke i samtale med barn i når dei tematiserer levekår. Ein informant problematiserer likevel kva dei gjer i etterkant av å snakke med barn:

«Det er ikkje nødvendigvis vanskeleg å snakke om det. Eg tenker det er mitt ansvar å tematisere det, men det er det....kva gjer eg med den informasjonen eg får da. Det kan eg syns er litt vanskeleg»

Ein følelse av å mangle nødvendige verktøy for å tematisere levekår med barn, knytt til ein usikkerheit til kva ein gjer med den informasjonen ein eventuelt kan få, kan tyde på at barneverntenesta er usikre på sin eigen kompetanse når det gjeld å jobbe med barn og levekårsproblematikk. Usikkerheit knytt til kompetanse og manglande verktøy kan være hemmande i barneverntenesta sitt arbeid i å utforske barneperspektivet.

Det kjem også fram i intervjuet at barneverntenesta opplever å mangle tiltak som rettar seg mot levekår. Fleire av informantane snakka om at det å jobbe med familiar som strever med sosioøkonomiske forhold kan opplevast som krevjande og kaotisk, då barneverntenesta ikkje har den rette tiltakspakken til å hjelpe. Barneverntenesta snakkar om endring, og at som oftast er hensikta med barnevernet sine hjelpetiltak at det skal skje ei positiv endring i ein familie sitt liv. Dei tilsette i barneverntenesta seier at dei ganske ofte kan oppleve at nokre familiar kan ha vanskar med å komme i gang med endringsbaserte hjelpetiltak. Dette kan ofte handle om at det er mykje anna som kan være vanskeleg for familien, og ein av desse tinga kan være økonomiske vanskar. Ein informant snakkar om at det kan være vanskeleg å komme i gang med rettleiingstiltak, fordi familien rett og slett manglar kapasitet, fordi det er så mykje anna. Fleire av informantane bruker då ordet «rydde» når dei skal hjelpe foreldra og familiar som ikkje har kapasitet til endringstiltak. Ein informant stiller seg litt kritisk til korleis dei som barnevernteneste snakkar om økonomi:

«Bit meg litt merke i korleis vi snakkar om det her, for vi omtaler økonomi som, ok, det må ryddast unna for at vi skal komme til det som er viktig. Det er litt sånn».

Ut i frå det som informantane seier kan det være rimeleg grunn til å seie at dei tilsette i barneverntenesta tenker at rettleiing og endringstiltak er det viktigaste tiltaket som barneverntenesta tilbyr desse familiane, og at økonomi og levekår kan være faktorar som kan stå i vegen for at ein får begynne å jobbe med det.

5.8 Barnevernet - Skam og tabu som barriere

Min analyse syner at skam og tabu kring det å leve i fattigdom er ein barriere som bidreg til at barn ikkje ønskjer å snakke om problema sine, noko som kan påverke barns medverknad i barneverntenesta. Denne barrieren kan bidra til at det er vanskelegare for barnevernet å fange opp kva betydning fattigdommen har for barns oppvekstvilkår. Tilsette i barneverntenesta hadde fleire erfaringar der dei hadde opplevd at foreldre og barn hadde skamkjensle kring det å ha dårleg råd. Informantane fortalte at dei sjølv ofte unngjekk å tematisere denne problematikken med barn, og at foreldra heller ikkje tok det opp. Gjennom analysen fann eg at dette kunne handle om usikkerheit til korleis ein som sakshandsamar kunne setje ord på noko som er skambelagt. Informantane frå barnevernet kunne oppleve at det er vanskeleg å spørje familien om økonomi og levekår, slik som B4 seier her:

«Ja for det er jo tabuområde, og det er ikkje alltid det blir eit tema, og korleis kan vi setje ord på det og finne ut av det saman med familien då?»

Det å tematisere fattigdom og levekår saman med familien kan slik eg tolkar det opplevast som vanskeleg, nettopp på grunn av skam og tabu, og at sakshandsamarane også kan kjenne på at det er vanskeleg å tematisere dette. Det er fleire informantar som snakkar om skam og tabu når det gjeld å be om hjelp for økonomiske vanskar:

«Det kan ofte være vanskeleg å komme i posisjon då, for ofte er det kjempetabu da, skambelagt»

Fleire informantar har erfaring med at økonomi og levekår ofte kan kome meir fram ettersom familiane får opparbeida seg tillit til barneverntenesta. B2 fortel om eit eksempel der ho hadde ein god samtale med nokre barn som plutselig byrja å fortelje om ulikhetane mellom dei og klassekameratane, i forhold til størrelse på hus og mengde fritidsaktivitetar. Mor til desse barna hadde overhøyrte denne samtalen og hadde i etterkant tatt kontakt for å høyre om barneverntenesta kunne hjelpe med noko i høve NAV. B2 reflekterer om det på denne måten:

«Så eg tenker det er noko med å berre tematisere det, ikkje nødvendigvis ha det som hovudfokus. I hvertfall i den saken så trur eg at det gjorde det litt mindre skummelt å ta kontakt om det etterpå».

Oppsummert ser barneverntenesta at det kan være vanskeleg å kome i posisjon for å snakke om økonomi og levekår, både med barn og foreldre, nettopp fordi det er eit tabuområde. Dersom dei kjem i posisjon, kan det ofte ta tid eller det kan handle meir om ein tilfeldighet ved at det plutsleg kjem ein kommentar frå eit barn eller ein foreldre som sår eit frø hjå barneverntenesta. Kjensler av skam og tabu kan gjere det vanskelegare for barneverntenesta å fange opp kva betydning økonomi og levekår kan ha for barn og deira familiar, fordi ein unngår å tematisere det med barna.

5.9 NAV og barnevernet - Uklar forståing av ansvar

Gjennom vignettdiskusjonen teiknar det seg bilete som syner at Nav og barneverntenesta har ulik inngang til å utforske barneperspektivet, samt ulik oppfatning av behov for samarbeid med kvarandre. Min analyse syner at det ikkje førekjem ein tydeleg praksis for kartlegging av barnas behov eller samarbeid med den andre tenesta, der Nav går inn i saka med tydeleg foreldrekartlegging, og barneverntenesta går inn med fokus på barnet og kartlegging av barnets situasjon. Det var einigheit blant informantane i begge tenestene at samarbeid i saker kring familiar med levekårsutfordringar gav betre tenester til barn. Dette begrunna dei med at dersom tenestene hadde ei tydeleg ansvarsfordeling med barneverntenesta sitt fokus på barnet og NAV sitt fokus på økonomi, meinte informantane at dei ville utfylle kvarandre, noko som ville føre til at barna og familiarne kunne få eit meir heilheitleg hjelpetilbod. Dei fleste informantane hadde erfaring med samarbeid med andre tenesta, og opplevde stort sett samarbeidet som positivt.

På den andre sida synte diskusjonen at det er utfordringar knytt til samarbeidet, og at det er nokre ulikhetar i måtar å tenke på kring barns situasjon, og korleis ein kartlegg eit barns situasjon. Dette var særskilt synleg i korleis fokusgruppene reflekterte kring vignetten. Min analyse syner at det som kom fram kring vignetten er at når Nav skal tilnærme seg ein familie med levekårsutfordringar, er dei først og fremst opptekne av å kartlegge foreldra sin situasjon for å finne ut kva kategori dei passar inn i. Dei stiller spørsmål med kvifor mor ikkje er i jobb, om ho har helseutfordringar, om ho har økonomiske vanskar eller berre disponerer pengane feil, slik som to informantar snakkar om her:

«Er det avklart ut frå kasus at dette er ein einsleg mor som opplevde at ho hadde lav økonomi eller er det blitt avklart at ho faktisk har det?»

«Viss ho ikkje er i jobb, har jo nokre helseutfordringar? Går det an å kartlegge ho meir, altså går det an å kople på nokon i forhold til avklaring på henne i forhold til statlege ytingar?»

I vignettdiskusjonen hjå Nav er det einigheit om at barna treng hjelp og at det hasta, men vektlegg det mor har oppgitt av opplysningar i sin søknad at barnet treng, og meiner at dette er ei sak der dei ikkje naturleg tenkjer eit samarbeid med barneverntenesta, slik N3 seier her:

«Men eg tenker at det å har dårleg økonomi er ikkje nødvendigvis det same som at du gjer dårleg omsorg til dine barn, og at barneverntenesta er ein aktør. Eg oppfattar denne saka som at mor sin avgrensa økonomi eller dårlege økonomi gjorde at ho ikkje kunne gje fritidsaktivitetar og eldstebarnet treng den telefonen. Eg ser på dette som ei rein økonomisak».

Hjå Nav er det midlertid ueinigheit om barnevernet er ein samarbeidspartnar i denne saka. Nokre av informantane tenkjer at barnevernet er ein naturleg samarbeidspartnar, særskilt viss mor i denne saka har disponeringsvanskar. Eit gjennomgåande tema handlar om at det er større bekymring for barnas situasjon dersom dette handlar om foreldre som disponerer pengane feil. Andre informantar seier at dei ikkje ville ha kontakta barnevernet, fordi barnevernet blir oppfatta som ein trussel for foreldra. Det kjem fram erfaringar om at barneverntenesta ikkje er å glad i bekymringsmeldingar knytt til økonomi og ein oppleving av at barneverntenesta ikkje tek bekymringar kring økonomi på alvor. N1 reflekterer på denne måten:

«Eg blir litt overraska over viss barnevernet ikkje tar dette med økonomi på alvor, for det bør jo i høgste grad bli tatt på alvor. Dersom dei ikkje har straum i huset, då tenker eg at det har gått over stakk og stein over lang tid».

I vignettdiskusjonen hjå barnevernet kjem det fram at dei ville undersøkt bredt, og ville funne ut korleis mor sine vanskar påverka barnet, korleis dei har det i kvardagen og for eksempel ha opne hypotesar om for eksempel rusproblematikk. I min analyse kjem det fram at barneverntenesta har barnets situasjon i sentrum, og har fleire moglege hypotesar kring barnets situasjon som dei meiner er viktige å kartlegge. Samstundes ser barnevernet ser på Nav som ein naturleg samarbeidspart i denne saka, og meiner at det må ein arbeidsfordeling til for å hjelpe familien, slik som B4 seier her:

«Det er ikkje berre barnevern, vi må ha fokus på barna, men det er jo eit samarbeid med Nav og rundt disse familiare som har denne problematikken og der det er barn i familien. Vårt arbeid blir jo å kartlegge barnas behov, men det er ikkje bare barnevern».

Et gjennomgåande tema hjå barnevernet i vignettdiskusjonen var at barneverntenesta meinte at dette som går på økonomi høyrte til Nav, og at denne saka var dermed noko barneverntenesta ikkje kunne handtere åleine, utan bistand frå Nav. Barneverntenesta såg si rolle som å bringe barneperspektivet inn i saka:

«Ja for eg tenker at det er det Nav egentleg ber om i denne meldinga, dei ber om barneperspektivet».

Gjennom diskusjonen syner deltakarane frå NAV om dei bør samarbeide med barnevernet eller ikkje. Det kjem også fram litt uklar ansvarsfordeling mellom barneverntenesta og NAV, der det muligens er lite formaliserte system for samarbeid.

Både saksbehandlarane i NAV og barneverntenesta nemner fleire gonger at dei utfyller kvarandre ved samarbeid, ved at barnevernet tar med seg barneperspektivet og NAV levekårsperspektivet. På tross av dette kjem det fram at det er langt i frå alle saker der det er eit fruktbart samarbeid, og at det er uklar ansvarsdeling og forståing av den andre tenesta sitt ansvarsområde. I saker der barn og familiar vil ha behov for hjelp frå begge tenestene, vil dette kunne ha betydning for kva hjelp som blir tilbudd.

I neste kapittel vil eg drøfte desse resultatane mine opp mot tidlegare forskning og teoretiske perspektiv.

6.0 Drøfting

I denne drøftinga skal eg ta utgangspunkt i resultatata som syner noko om kva forhold som påverkar barneperspektivet i NAV og barnevernet sitt arbeid med familiar med levekårsutfordringar. Dette vil eg forsøke å svare på, og diskutere i lys av dei teoretiske perspektiva eg har vist til og anna forskning.

Drøftinga er organisert i to delar. I første del vil eg drøfte praksisar for utforsking av barnets perspektiv Nav og barneverntenesta kvar for seg. Empirien min vil eg drøfte i lys av Skivenes og Strandbu (2006) sine tre komponentar på barneperspektivet og Harts (1992) deltakarstige.

I del to vil eg knytte diskusjonen kring grad av medverknad og barnesyn om mot teorien om institusjonelle logikkar, og kva logikkar som kan være framtreddande hjå Nav og barneverntenesta i min studie, og korleis desse logikkane får betydning for kva hjelp desse familiare får.

Eg vil på slutten av dette kapitlet ha ei kritisk drøfting av resultatata mine, særskilt knytt til datainnsamlinga og analysen av det samla datamaterialet mitt. Til slutt vil eg ha ein kort diskusjon kring implikasjonar for praksis og behovet for framtidig forskning innan dette temaet.

6.1 Barneperspektivet hjå Nav

For å få eit heilheitleg bilete av barneperspektivet, må det være både strukturelle, relasjonelle og individuelle komponentar til stades (Skivenes & Strandbu, 2006). Korleis desse komponentane kjem fram i Nav sin praksis knytt til å få fram barneperspektivet, vil kunne ha påverknad for kva nivå eller trinn på deltakarstigen Nav støtter. NAV har i liten grad implementert eit system som varetek barns behov, og barn har ein svak rettsleg posisjon i NAV. Det vil derfor være store strukturelle utfordringar knytt til NAV si utforsking av barneperspektivet, noko som gjer det vanskeleg for dei å utforske det relasjonelle og individuelle perspektivet.

6.1.1 Barnet – ein passiv aktør i Nav

Som eg viser i resultatkapitlet kjem det fram at Nav ikkje snakkar med barn direkte, og dei møter svært sjeldan barna i familiare dei skal hjelpe. Informantane i Nav var opptatt av at informasjon om barnets situasjon skulle gå gjennom foreldra, og at det er foreldra som skal bære fram barna sine behov og perspektiv på eige liv. I mitt materiale fortel dei Nav tilsette at dei er avhengige av at foreldra bærer fram sine barns behov, og at Nav må ha tillit til at det foreldra bringer fram er til det beste for barna. I studien til Rugkåsa og Bergheim (2020) fann dei også at Nav i stor grad innhenta informasjon om barna gjennom foreldra sine. Dei konkluderte med at ein slik praksis ikkje resulterer i kunnskap om barns situasjon slik som barna sjølv erfarer de, og meiner at det å snakke meir med barn vil kunne gje kunnskap som speglar barns situasjon, ønskjer og behov (Rugkåsa & Bergheim, 2020 s. 16).

Ut i frå dette kan vi hevde at måten Nav innrettar arbeidet sitt på for å få fram barneperspektivet, ikkje er tilpassa barns rettslege posisjon i dagens samfunnet. Likevel kan det også være eit viktig argument at praksis for utforsking av barnets perspektivet ikkje berre blir forstått utelukkande som ein rettighet barnet har, då det kan føreligge ein risiko for at dette kan verte mekanisk (Ulvik, 2009, s. 1154) Risikoen for at det skal bli mekanisk forstått eg som at ein ikkje berre skal snakke med barn for å gjere det, det skal være begrunna i individuelle vurderingar knytt til kva som vil være det beste for det enkelte barnet. For å forstå meir av korleis en kan utforske barneperspektivet, må vi også knytte det opp til det relasjonelle nivået til Skivenes og Strandbu (2006).

I mitt materiale kom det fram at ein av grunnane til at praksis hjå NAV var innretta på denne måten handla om at lovverket vart tolka som at foreldra skulle snakke barns sak. Ifølgje retningslinjene til lovverket (BLD & ASD, 2016, pkt. 1.2.4) skal barnets behov og synspunkt som hovudregel innhentast gjennom foreldre og føresette. I følgje Kane et. al (2018) utelukkar ikkje dette at Nav kan ha samtale med barn. Funna mine synte at ein viktig årsak til at Nav innhenta informasjon gjennom foreldra, var eit syn på at barn var sårbare og måtte skjermast frå det som handla om økonomi og levekår. I følgje Strandbu(2011) eksisterer det ein oppfatning hjå saksbehandlarar i barneverntenesta om at ein generelt må være forsiktig med å spørje barn og vanskelege tema. Ut i frå dette kan vi hevde at dette også kan være ein oppfatning hjå saksbehandlarane hjå Nav; barn er sårbare og vi må ikkje utsetje barn for tilleggsbelastningar med å spørje dei om vanskelege tema. Dette synet på barn kan påverke den andre komponenten i barneperspektivet, nemleg synet på kva vaksne meiner er til barns beste. Ut i frå mine resultat kan det sjå ut som at det føreligger både ein normativ og kulturell forståing hjå saksbehandlarane i NAV, at barn må skjermast. Vi kan også ut i frå dette seie at ein strukturell komponent i barneperspektivet, nemleg retningslinjene til lovverket til NAV, kan påverke dei vaksne sitt syn på kva som er barnets beste, og dermed begrense korleis NAV innhentar og forstå barnas perspektiv på eigen situasjon.

Sidan Nav kartlegger barnas situasjon gjennom foreldra, kan det bety at Nav i liten grad får fram korleis barn sjølv opplever sin eigen situasjon, og kva som er hjelpebehova til kvart enkelt barn. Ut i frå dette kan vi hevde at NAV som oftast ikkje utforskar den tredje komponenten i Skivenes og Strandbu (2006) sitt barneperspektiv, barnets eige perspektiv. Det at barn kan tenke annleis om sin eigen situasjon, sine behov og prioriteringar enn vaksne, blir sentralt når vaksne skal bestemme kva som er til det beste for barn (Strandbu, 2011, s. 45). Når leiar i NAV bekreftar utfordringane ved å seie dei er avhengige av ein god relasjon til barnas foreldre for å kartlegge situasjonen for barna, seier det oss noko om at NAV går glipp av viktig informasjon om barnets eige perspektiv. Liknande funn har komme fram i studiane til Rugkåsa & Bergheim (2020) og Ask og Sagatun (2020). Også her

blir det peika på at NAV sitt fokus på foreldras situasjon, tar vekk fokuset på barna og at NAV dermed går glipp av vesentleg informasjon om barnet situasjon.

Ein anna viktig årsak til at NAV ikkje snakka med barn vart begrunna i mangel på tid og kapasitet. Krav om kva dei skulle oppnå for eksempel kravet om å få flest mogleg ut i arbeid var tema som vart nemnt her av saksbehandlarane i NAV. NAV er ei omfattande verksemd som har ansvar for mange velferdsytningar (Chudasama, 2017). Chudasama (2017, s. 254-255) understøtter det dei Nav tilsette her seier ved at planar, skjema og rapportering brukar for mykje av Nav sine ressursar, og går på bekostning av det sosialfaglege arbeidet. Dette kan vidare gå på bekostning av brukarmedverknad (ibid.). Det framkommer at det kan føreligge ein del strukturelle hinder i Nav sine rammebetingelsar for å innhente barneperspektivet.

Mine funn syner at Nav sin praksis støtter opp om det som Hart (1992) kallar for «ikkje deltaking», og støttar dei nedste trinna på deltakingsstigen. Etter mi vurdering støttar Nav sitt barneperspektiv det nedste trinna på Hart sin deltakarstige, som Hart (1992, s. 9) omtalar som «manipulation». På det nedste trinnet forstår ikkje barna meininga med det dei deltek i, vaksne har bestemt rammene. Dette kan i følge Hart (1992, s. 9) handle om at vaksne ikkje er oppmerksame på barns evner. Etter mi vurdering støtter også noko av NAV sin praksis trinn to på stigen, nemleg «decoration». NAV har blant anna utforma skjema som dei skal fylle ut saman med foreldra, med spørsmål om kva barna liker å gjere på fritida og korleis dei feirar bursdag. Slike skjema kan i verste fall kamuflere at NAV ikkje har tatt omsyn til det individuelle nivået av barnperspektivet, då det er vaksne i NAV som har utforma skjema og dermed bestemt kva som er viktig for barn. Dessutan er det heller ikkje barna som fyller ut skjema, derfor kan vi seie at måten NAV nokre gonger innhentar barneperspektivet på støttar det andre trinnet på Harts deltakarstige.

Likevel kan ein, med bakgrunn i det relasjonelle nivået i utforsking av barneperspektivet, sjå at det kan være faktorar som kan påverke om barn kjem lenger ned, eller lenger opp på stigen. Relasjonen barnet har til foreldra, og kor god informasjon Nav får av foreldra, vil kunne føre til at barn kan komme lengre opp på stigen og ha ein reell moglegheit for deltaking. Dersom relasjonen mellom foreldre, barn og NAV er god og tett kan det bidra til eit barneperspektiv som er tett opp mot slik barnet ville ha fortalt sjølv.

Det kan også seie oss noko om Nav sitt barnesyn. Sett ut i frå Nav si grunngjeving for praksis, kan det tyde på at Nav ser barn som ein del av foreldra, og ikkje som eit individ med eigne rettigheter. At Nav kan ha eit barnesyn som ikkje ser barnet som ein aktør i eige liv, vil kunne gjere det vanskeleg for Nav å kartlegge barns behov for hjelp.

6.2 Barneperspektivet i barneverntenesta

Mine funn syner at tilsette i barneverntenesta som oftast snakkar med barn i sakene sine, men at temaet levekår sjeldan blir tematisert med barna eller foreldra. I min studie finn eg at barneverntenesta kan reflektere over betydninga av levekår, og meiner at dette er ein faktor som kan ha stor betydning for barns omsorgsvilkår. Likevel fann eg at i praksis blir levekår i liten grad tematisert og utforska. Det kom fram at det var ein forskjell på kva dei faktisk gjer i praksis, og kva dei meiner dei burde har gjort knytt til familiar med låg sosioøkonomisk status. Kojan (2021, s. 81) fann også i sin studie at dette kunne være eit tendens i nokre barneverntenester. I følgje informantane i barneverntenesta handla dette mykje om at dei ikkje hadde ei tydeleg rutine på å spørje om sosioøkonomiske forhold i sakene sine, sjølv om dei meinte at økonomi og levekår kunne ha stor betydning for korleis barn og foreldra hadde det. I tillegg hadde dei erfaring med at økonomi og fattigdom ofte var skam- og tabubelagt, noko som også førte til at saksbehandlarane vegra seg for å spørje om dette. Informantane var einige i at det var fleire forhold knytt til økonomi og levekår som kunne påverke den omsorga barn fekk heime.

6.2.1 Barnevernet – vaksne bestemmer konteksten

Resultata mine synte at barnevernet si faglege merksemd og interesse for levekår var mangelfull, noko som kan få betydning for barnevernet si utforsking av barnets perspektiv. Det at barnevernet ikkje ser barnets behov og ønskjer i lys av levekår, men først og fremst i lys av tilknytning og foreldrekvalitetar, kan føre til at barneverntenesta går glipp av viktig informasjon om barnets omsorgssituasjon. Viss vi ser dette i lys av Skivenes og Strandbu (2006) sine tre nivå, er det strukturelle nivået av barneperspektivet på plass i barnevernet. Lovverket som barneverntenesta jobbar etter er tydeleg på barns rett til deltaking, når det skal tas beslutningar som er viktige for barnet (Strandbu, 2011, s. 78). Vi kan dermed seie at den strukturelle dimensjonen til barnevernet i større grad sikrar barneperspektivet enn i NAV.

I lys av Skivenes og Strandbu (2006) sin andre komponent for barneperspektivet, den relasjonelle komponenten, kan det ligge ei utfordring i barneverntenesta si forståing av kva betydning levekår har for barn. Dei vaksne ser barn i ulike kontekster og tar avgjersler på vegne av barn, basert på kva dei meiner er best for barn (Strandbu, 2011). Spørsmålet til det relasjonelle perspektivet i barneverntenesta er om dei vaksne snakkar med barn og prøver å forstå barnet i den konteksten som trengs. Det kjem fram min analyse at barneverntenesta ofte definerer konteksten, ved å avgrense moglege hypotesar til kvifor ein familie strever. Dette ved at dei for eksempel snevrar inn forståinga av kva komponentar som bidreg til stress og omsorgssvikt i ein familie, for eksempel hypotesen om familie-stress (Conger et.al, 1994). Ved at barneverntenesta ikkje har ein praksis om å tematisere levekår, kan forståinga av det relasjonelle barneperspektivet påverke den tredje komponenten som

omhandlar barnets eige perspektiv. Det at dei vaksne i barneverntenesta definerer konteksten for barn, vil kunne påverke kva barn igjen uttaler seg om. Dei vaksne sitt barneperspektiv vil på denne måten kunne bli mangelfullt, og få betydning for omsorgsvurderinga og tiltak.

Slik kan også det relasjonelle og individuelle dimensjonen av barneperspektivet få betydning for kor barna er på deltakarstigen i barnevernet. For eksempel det at barneverntenesta ikkje ser problem i relasjon til levekår kan få betydning for informasjonsgrunnlaget barneverntenesta har når dei skal konkludere med tiltak. Mine funn peika også på foreldre og barn si oppleving av at det er skam- og tabubelagt å være fattig. Dette kunne føre til at barneverntilsette også unngjekk å tematisere levekår med barn og foreldre, fordi det kunne opplevast som vanskeleg for familien. I følge Strandbu (2011, s. 85) eksisterer dei ei oppfatning av at saksbehandlarar generelt må være forsiktige med å spørje barn om vanskelege ting., dette av frykt for å tilføre barn ekstrabelastningar. For at barn skal ha reell medverknad, må dei også vite på kva grunnlag dei uttaler seg på, og kva dei skal uttale seg om (Hart, 1992). Det at barneverntenesta sjeldan ser barn og familiar sine problem i relasjon til levekår, kan føre til at barnevernet ikkje ser heile biletet av kva faktorar som kan skape problem i ein familie, noko som kan gjere at barnevernet støttar det som Hart (1992) kallar «tokenism». På dette trinnet vil barna tilsynelatande gitt ein stemme, og dei vaksne vil også meine at dei handlar til det beste for barna. Roger Hart (1992) meinte at «tokenism» er ganske vanleg i vestlege land fordi man er svært ivrig etter å la barn være representert, men ikkje har forstått eller tenkt over kva medverknad eigentleg handlar om.

Manglande fokus på levekår i barnevernet kan avgrense barns moglegheiter til å fortelje om denne sida av sitt liv, og vidare få hjelp ved behov. Lossius Westby (2020) peika på at fattigdomsproblematikk kom i skuggen hjå barnevernet, og at dette kunne handle om at barnevernet fokuserte på samspel og tilknytning mellom foreldra. Dette fokuset meinte ho gjorde at barnevernet ikkje såg fattigdommen. Dette kan igjen føre til at det å tematisere levekår med barn, kjem i skuggen i barneverntenesta sitt arbeid med å kartlegge barns behov for hjelp.

På ei anna side, kom det fram i diskusjonen kring vignetten at barneverntenesta støttar høgare trinn på stigen, og at dei meiner at barna har ein viktig stemme både knytt til sosioøkonomiske forhold og at barna får moglegheit til å sjølv definere sin kontekst. Dette kan bety at det er ein forskjell på kva barneverntenesta tenker dei burde ha gjort, og kva dei faktisk gjer i praksis

6.3 Institusjonelle logikkar

Korleis NAV og barneverntenesta forstår barneperspektivet og barn som aktør i eige liv, måten dei innrettar sin eigen praksis og korleis dei vektlegg ulike forhold i sin praksis kan være eit teikn på at Nav og barneverntenesta er prega av ulike institusjonelle logikkar. Det vil seie at måten tenestene

snakkar om sin praksis kan syne oss kva antakingar og verdisyn denne praksisen bygger på. Kva forhold som blir gitt merksemd i NAV og barneverntenesta får dermed betydning for kva som framstår som relevante kategoriar og mål (Thornton & Ocasio, 2017, s. 510).

Oterholm (2018) har for eksempel gjort greie for korleis barnevernet er styrt av ein omsorgslogikk og Nav er styrt ein velferdsstatlogikk. I praksis kunne dette få betydning for ungdommar som hadde fått hjelp frå barnevernet over fleire år, og som deretter vart overført til NAV. For eksempel fekk ungdommanes bakgrunn, og det at dei var utsett for omsorgssvikt mindre betydning i NAV-systemet. Ungdommane ville i NAV systemet bli sett krav til som vaksne. Dette var i følge Oterholm noko som var viktig for ungdom som trengte oppfølging knytt til aktivitet og arbeidsmarkedstiltak, men at hjelpen NAV tilbydde ungdommane ikkje kunne erstatte barnevernets oppfølging (Oterholm, 2018, s. 14). På same måte har eg også i mine funn funne at Nav og barneverntenesta kan ha ulike logikkar knytt til korleis dei vurderer sitt ansvar knytt til barn som veks opp i fattigdom, og at desse ulike logikkane kan få betydning for praksis for barns medverknad og barneperspektivet.

6.3.1 Nav – ein moraliserande velferdslogikk?

Resultata mine syner at Nav ofte forstår økonomiske vanskar som disponeringsvanskar, og at dei ofte forstår det å være fattig som eit resultat av dei vala ein tek, og som eit individuelt ansvar.

Informantane var likevel tydelege på sitt ansvar som hjelpeinstans, og at dei har eit ansvar for at familiar både har mat på bordet, straum i huset, får utnytta moglegheitene sine knytt til arbeid og inntekt samt det å gje rettleiing om økonomi og økonomistyring. Likevel er det funn som tyder på at dersom NAV vurderer at foreldra ikkje kan ta til seg rettleiing og lære å disponere annleis, opplever NAV sitt ansvar som begrensa. Ei slik forståing kan bidra til at NAV plasserer ansvaret for barna sin situasjon hjå foreldra, ikkje hjå seg sjølv. Heilt konkret nemner informantane i Nav at dei opplever at deira ansvar i forhold til barn i låginntektsfamiliar er at det er pengar til mat, klede, fritidsaktivitetar og straum i huset. I forlenging av dette snakka saksbehandlarane i NAV om at folk måtte leve etter ein «nøktern standard». For eksempel blir bil og bilutgifter nemnt som noko familiar meiner dei treng, som Nav ikkje kan ta omsyn til. Nav har ein rolle der dei forvaltar godar på vegne av velferdssamfunnet, og ein kan dermed kjenne igjen Oterholm sin velferdsstat logikk i mine funn også. Nav meiner at dei skal fungere og ha ei rolle som velferdsstatens sikkerhetsnett, der alle andre moglegheiter skal være prøvd først (Oterholm, 2018, s. 13).

Ved å gjere fattigdom til eit individuelt ansvar kan det rette fokuset vekk frå strukturelle forhold som kan ha betydning for at ein familie hamnar i ein situasjon med dårlege levekår. Dette syner seg for eksempel i vignettdiskusjonen hjå saksbehandlarane på NAV. Vignetten syner at barna strever, noko også dei NAV tilsette legg merke til. Likevel handlar tilnærminga deira om å kategorisere mor, for eksempel ved kvifor ho ikkje er i arbeid, eller om ho eigentleg har økonomiske vanskar eller berre

disponerer pengane feil. Liknande funn kom også fram i studien til Ask og Sagatun (2020), som peikar på at krava kring arbeidslinja er styrande for NAV sitt fokus og at dette førte til at NAV kartla eit relativt avgrensa bilete av kva som var vanskeleg i ein familie. Studien synte vidare at retningslinjene kring arbeidslinja, det å få folk i arbeid og bli sjølvforsørgjande, kunne få betydning for at NAV sitt fokus på barnas situasjon og kva betydning situasjonen hadde for familien (Ask & Sagatun, 2020, s. 19).

Basert på disse resultatane ser eg at logikken til NAV i min studie på mange måtar kan beskrives som ein velferdsstatlogikk, på same måte som Oterholm (2018) fann i sin studie. NAV sitt fokus på å få folk ut i arbeid, samstundes som dei er eit sikkerheitsnett som skal sikre folk mot svolt og naud var framtrudande i fokusgruppediskusjonane. Likevel synte mine resultat at det kan være ein fare for å utvikle ein moraliserande velferdslogikk, med tanke på saksbehandlarane i NAV sin måte å snakke om foreldre si disponering av økonomi og vala dei tek. I ein studie av Andreassen og Fossetøl (2014) som omhandla institusjonelle logikkar i Nav, fann dei at Nav sin oppfølging av sjukemeldte for eksempel overlét ansvaret for å finne løysingar på eigne problem til dei sjukemeldte. Dette gjorde Nav samstundes som dei ansvarleggjorde den sjuke med å for eksempel forvente meir trening for å betre fysikken sin, eller å innsjå sine begrensningar i det yrket vedkomande har valt (Andreassen & Fossetøl, 2014, s. 187). Dette handla i følgje dei Nav tilsette om ein tanke om ansvarleggjering av den enkelte (ibid.). Denne ansvarleggjeringa er noko som eg også fann i mine intervju, og på same måte bærer preg av en moralistisk tankegang. Dette kan tyde på at Nav ber preg av ein logikk der dei ikkje tek ansvar for familiars levekår.

Eit verdisyn eller antakingar om at den enkelte har eit hovudansvar for fattigdom kan gje retning til korleis saker og løysingar hjå NAV blir forstått som viktige og relevante (Thornton & Ocasio, 2012). Sentrale mål i Nav er å styrke brukarar sine moglegheiter til å delta i arbeidslivet og til å sikre inntekt ved helsevanskar og uførhet (Andreassen & Fossetøl, 2014). Nav har langt på veg ført ein byråkratisk logikk kor hierarkisk styring, lov- og regelverk og prosedyrar skal sikre standardisert oppfølging av brukarar og likebehandling av brukarar (ibid.). Ut i frå dette kan vi hevde at NAV har eit avgrensa fokus på individets moglegheiter, og at dei dermed ikkje ser ein familie sine levekårsutfordringar i eit heilheitleg perspektiv. Dette kan få betydning for korleis NAV ser barneperspektivet, som igjen kan påverke den hjelpa familiar med levekårsproblematikk får frå NAV.

Nav sin forståing av fattigdom som eit individuelt ansvar, kan også få betydning for barns medverknad. I følgje mine funn ser Nav på sitt ansvar for barn sine levekår, som svært avgrensa, og meiner det er foreldra sine val som er bestemmande for om barna blir sikra gode utviklingsmoglegheiter. Dette kan også bety at Nav ikkje tek ansvar for barneperspektivet i sitt arbeid

med familiar som strever med levekårsutfordringar. Ein slik forståing kan avgrense måtar Nav både handlar og tenker på, og kva Nav oppfattar som sitt ansvar om barn og levekår, vil på denne måten kunne påverke måten dei innhentar og forstår barns erfaringar på. Nav sin velferdstatlogikk med preg av moralisme vil kunne legge føringar for praksis knytt til utforsking av barneperspektivet.

6.3.2 Barneverntenesta – ein avgrensa omsorgslogikk?

Resultata mine syner at barneverntenesta i liten grad ser ein familie sine problem i relasjon til levekår. Levekår og levekårsutfordringar blir i liten grad undersøkt i barnevernet sine undersøkingar. Dermed vart heller ikkje levekår tematisert i barnevernet sine samtalar med barn. Hjelpetiltaka til barneverntenesta er i stor grad endringsbaserte hjelpetiltak, samstundes som mine funn synte at barnevernet ofte erfarte at det var vanskeleg å komme i gang med endringsbaserte hjelpetiltak fordi det var mykje anna som tok merksemda til familien, deriblant økonomi. Fleire av informantane brukte ordet å «rydde», for å beskrive at tema knytt til økonomi og levekår var faktorar som kunne stå i vegen for at foreldra kunne motta rettleiing og endringstiltak. Når informant B2 seier at «vi snakkar om økonomi som noko som må ryddast unna fordi vi skal komme til det som er viktig», kan vi forstå at det fortsatt er endringsbaserte hjelpetiltak som kjem i første rekke, sjølv om informantane har tankar om at det ikkje burde være sånn.

Viss vi ser barneverntenesta sitt manglande fokus på levekår i lys av institusjonelle logikkar, kan desse faglege forståingane spele inn i barneverntenesta sine vurderingar kring kva dei skal undersøke og kva dei skal setje inn tiltak mot, fordi logikkane har betydning for kva som blir gitt merksemd (Thornton & Ocasio, 2012, s. 87). Kva forhold som blir gitt merksemd i barnevernet får dermed betydning for kva som framstår som relevante kategoriar og mål i kartlegging av barns omsorgssituasjon. Mine funn synte at logikken i barneverntenesta på mange måtar kan forståast som ein omsorgslogikk, ved ansvaret for å kartlegge barns omsorgssituasjon. Samstundes, med omsyn til at barneverntenesta sine «briller» i liten grad fokuserer på det totale bilete av kva faktorar som kan påverke barns omsorgssituasjon, kan det være ein fare for at det er ein avgrensa omsorgslogikk.

Andre forfattarar har også problematisert barneverntenesta sitt manglande fokus på levekår. Andenæs (2004) skriv at det å forstå ein familie sine vanskar i eit større kontekstuelte perspektiv er i stor grad fråverande i barneverntenesta sitt arbeid, og dette innebærer at dei ikkje utforskar korleis barnets omsorgsbetingelsar også knyter seg til materielle levekår. På same måte synte resultata mine at dei tilsette i barneverntenesta var usikre i forhold til korleis, og kor mykje ein skal utforske levekårstematikk med barna. Likevel synte mine funn at saksbehandlarane i barnevernet meinte at levekår var viktig for barns omsorgssituasjon. Når informant B2 seier i intervju at det er mange ting som kan trigge og føre til vald, blant anna dersom foreldra strever økonomisk, seier det meg at saksbehandlarane har kunnskap om at levekår er noko som har betydning og relevans for barns

omsorgssituasjon. På denne måten syner mine funn noko anna enn Ask og Sagatun (2020, s.23), som fann at barnevernet ikkje kartla familiens økonomiske situasjon på grunn av at det ikkje var relevant for barnets omsorgssituasjon.

Som det kjem fram i resultatkapittelet mitt om barneverntenesta sin tiltakspakke, kan det være grunn til å tru at barneverntenesta sitt manglande fokus på levekår, handlar om ei endring i barnevernet sin måte å tenke om forståing av familiedynamikk og endring og utvikling. Liknande funn er også komme fram i studien til Lossius Westby (2021). I denne studien blir lagt vekt på at barnevernet har eit individualisert syn på barn og barns oppvekstvilkår. Studien til Westby Lossius (2021, s.276) peiker på at det råder eit individualisert syn på barn og barns oppvekstvilkår innan norsk barnevern, og at dette er sterkt knytt til barns individuelle rettigheter. Ho peiker vidare på at barnevernet tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til materielle betingelsar i familiar, og barns relasjon til familien kan mistes av syne. Ho argumenterer i sin studie for at hjelpetiltak i barnevernet må ivareta barns relasjonelle behov, og at det å forstå barns behov i eit relasjonelt perspektiv vil i større grad sikre barns behov for ein stabil og forutsigbar livssituasjon når det gjeld levekår (Westby Lossius, 2021, s. 276). I min studie kommer det fram ein forskjell til kva barneverntenesta gjer i enkeltsaker og kva dei tenkjer dei burde har gjort i saker med låg sosioøkonomisk status, noko som også blir trekt fram i studien til Kojan et al., 2021).

Sakshandsamarane i barneverntenesta undersøker om det er eigenskapar ved foreldra sine ferdigheiter som har betydning for korleis barna har det. Ved å ikkje tematisere levekår, og ikkje forstå familiars problem i relasjon til levekår, kan det rette fokuset til barnevernet vekk frå at materielle betingelsar, strukturelle forhold og økonomi kan ha betydning for barns omsorgssituasjon. Det kan synes som at sjølv om barnevernet tenkjer at dei har eit ansvar for levekår, er dei på ein måte fanga i sin eigen praksis knytt til å tenke endringsretta tiltak. Kva «briller» barneverntenesta har på seg når dei undersøker kva hjelp barnet får, vil også være førande for kva tiltak dei set inn. Dersom levekår ikkje inngår i det barnevernet vurderer, vil det være fare for at dette heller ikkje er med i vurderinga av barn og foreldres hjelpebehov hjå barneverntenesta.

6.3.3. Oppsummering – Institusjonelle logikkar

Resultata mine syner at begge tenestene ser på sitt ansvarsområde som avgrensa i høve barn som veks opp i låginntektsfamiliar. Dette kan handle om både strukturelle og organisatoriske forhold, så vel som manglande forståing og kunnskap om levekår. På den andre sida seier både Nav og barneverntenesta at dersom dei kan samarbeide, yter dei betre tenester til barna. Dette handlar i følgje informantane i stor grad om at dei får eit større og heilhetleg perspektiv på familiane, der barneverntenesta med sitt barneperspektiv og Nav med sitt levekårs perspektiv gir utfyllande kompetanse og følgje tenestene betre hjelp til barna. Funna mine synte likevel at det var teikn på

uklar ansvarsfordeling og muligens lite formaliserte system for samarbeid mellom NAV og barneverntenesta. Dette kan få betydning for kva hjelp som blir tilbudd i saker der barn og familiar treng hjelp frå begge tenestene. Dette samsvarer også med funna i Ask og Sagatun (2020) sin studie der de finner at både Nav og barneverntenesta fokuserer på ulike aspekt ved familielivet, og at kvar teneste har eit avgrensa syn på kva som påverkar familielivet. Dei fann vidare at en del av logikkane som Nav og barneverntenesta jobbar ut i frå, fokuserer meir på individet enn at dei ser på fattigdom frå eit større, systemisk perspektiv. I lys av dette syner både mine funn og funna til Ask og Sagatun (2020) at individfokuset kan være eit hinder for å jobbe heilheitleg med desse familiane, og føre til at mange familiar ikkje får naudsynt hjelp.

6.4 Drøfting av eigne resultat

Det kan finnast potensielle svakheiter ved kvalitativ forskning, der all kvalitativ forskning vil verte påverke av forskaren som person, både gjennom menneskeleg persepsjon, tolking og samhandling (Malterud, 2018, s. 41). Det er derfor viktig å være bevisst ein refleksiv haldning til korleis ein som forskar påverkar resultatet. Refleksivitet er ein aktiv haldning, og noko som ein alltid må oppsøke og vedlikehalde (Malterud, 2018, s. 19). Derfor har eg gjennom heile prosessen vært kritisk og konfronterande til meg sjølv og min påverknad på studien.

Kvalitativ metode med casestudium, med en kombinasjon av fokusgruppeintervju og individuelle intervju har vore eit godt verktøy for å få innsikt i kva forhold som påverkar barneperspektivet i Nav og barnevernet sitt arbeid med låginntektsfamiljar. Datamaterialet som var innhenta og analysert var omfattande og eg vurderte det som relevant for problemstillinga mi.

Det er likevel eit par svakheiter i min studie som er naudsynt å peike på. Studien min er gjennomført som ein case-studie, og er avgrensa til ein enkelt kommune. Utvalet mitt er også ganske lite. Begge desse faktorane kan medføre ein svakheit i høve studiens overførbarheit. Overførbarheit handlar om mine funn og forståinga av mitt prosjekt, også kan være relevant i andre situasjonar. Thagaard (2019, s. 182) skriv at det er en viktig målsetjing med kvalitative studiar at tolkinga av eit enkelt prosjekt skal ha ein meir generell relevans.

Eg har likevel beskrive og gjort heile forskingsprosessen så transparent som mogleg. Dette vil gjere det lett for lesaren å følgje og forstår studiet, og dette meinare eg er med på å auke reliabiliteten i studien min.

6.5 Overførbarheit

Studiens overførbarheit handlar om funna i studien er overførbare ut over den konteksten man har kartlagt de i (Malterud, 2018, s. 24). Sagt på ein anna måte så er det spørsmålet om resultatata frå intervjuundersøkinga er primært av lokal interesse eller om de kan overførast til andre kontekster

eller situasjonar (Kvale & Brinkmann, 2018, s. 289). Det er dermed også sentralt i overførbarheiten om tilsette ved andre barneverntenester og NAV kontor kan kjenne seg igjen i dei tolkingane som formidlast i teksten (Thagaard, 2019, s. 195).

Ved å nytte casestudie er det særskilt viktig å være bevisst på den eksterne validiteten av studien, og at casen eg har valt å studere kan ha betydning og relevans for andre utanfor desse to tenestene eg skal intervju. Her vil informasjonsstyrken ha ei betydning. Utvalet mitt representerer ein liten del av saksbehandlarar i Nav og barneverntenesta i Vestland. Alle informantane hadde etter mi vurdering brei erfaring, og kunne belyse mange sider av mi problemstilling. At utvalet mitt hadde god informasjonsstyrke og hadde brei erfaring kan være med på å bidra til at studien er meir overførbar til andre Nav- og barneverntenester.

Som skrive i avsnittet om pålitelegheit, er det mange likhetstrekk mellom mine resultat og andre studiar. Dette kan også bety at studien min har ein verdi knytt til overførbarhet, og at mine funn kan bidra til å bekrefte noko som også andre har funne, samstundes som min inngang til studien og min analyse kan ha bidratt med noko ny kunnskap som kan være nyttig for andre.

Eg ser for eksempel at funna mine støttes av tidlegare forskning på feltet, og syner blant anna til studien til Rugkåsa og Bergheim (2020), Ask og Sagatun (2020), Lossius Westby (2021) og Kojan et al. (2021). Dette har gjerne også betydning for studien sin pålitelegheit

6.6 Implikasjonar for praksis

Talet på barn som veks opp i fattigdom er aukande, og har vore aukande over lang tid. Det har likevel, med årevis med forskning og stor politisk einigheit om at dette er eit prioritert område, ikkje lukkast med å finne tiltak som i stor nok grad hjelper disse barna og familiane.

I 2022 trer barnevernsreforma/oppvekstreforma i kraft, og det skal i ennå større grad ansvarleggjere alle instansar som er i kontakt med barn. Risiko skal identifiserast så tidleg så mogleg, og ein skal setje inn naudsynte og treffande tiltak for å hindre skeivutvikling som vil bli vanskelegare å reversere jo eldre barna blir. Denne reforma vil stille enda tydelegare og strengare krav til at blant anna Nav og barneverntenesta må jobba enda betre med tidleg innsats. Det vil dermed være av avgjerande betydning at dei strukturelle forholda desse tenestene jobbar under blir lagt til rette for at dei har både tid, ressursar og dei rette verktøya og tiltaka for å hjelpe disse barna. Mine resultat kan gje ein peikepinn på kva som må endrast for at oppvekstreforma skal bli vellukka, og også kva praksisar som styrkar barneperspektivet og barns deltaking.

6.7 Behov for meir forskning

Det som framstod som tydeleg for meg i denne studien, er at det er forsla mykje på konsekvensane det kan ha for barn å vekse opp i fattigdom i dag. Talet er likevel aukande, og vi strever med å finne hjelp og tiltak som kan fungere. I forhold til det eg har erfart trengs det no meir forskning på korleis kan hjelpa til disse barna og familiare best organiserast, og er det ein rett måte å organisere hjelpa til desse familiare på?

Vi må forske meir på tiltak og kva som fungerer, no når det føreligger mykje forskning på kva konsekvensar det får for barn og kva som ikkje fungerer i dei ulike hjelpetenestene. Nå må vi forske på kva som kan fungere, og det er behov for forskning på om den organiseringa vi har av hjelpetenester til akkurat disse familiare må organiserast på ein heil anna måte, slik eg har konkludert med i min studie. Kojan et al (2021) anbefaler i sin studie at det trengs meir forskningsbasert kunnskap på om barnevernet sine hjelpetiltak verker etter si hensikt. Dette med bakgrunn i at det foreligger begrensa vurdering av kontekstuelle faktorar kring det enkelte barn og familie i val av tiltak, og det er fortsatt slik at foreldrerettleiingstiltak er det tiltaket som blir brukt mest i barneverntenesta i dag, der det er lite forskning på utviklingen mot meir endringsrettede hjelpetiltak (Kojan et. Al, 2021, s. 140). Dette er noko eg også støtter gjennom mine funn.

I tillegg vurderer eg at det er behov for meir forskning på effekt av barns medverknad knytt til levekår, og om auka fokus på barns medverknad og barneperspektivet i NAV vil ha ei effekt på barns helse og oppleving av oppvekstvilkår.

7.0 Konklusjon

Denne studien har fått fram at det er fleire forhold både hjå NAV og barneverntenesta som påverkar barneperspektivet i deira arbeid med barn i låginntektsfamiliar. Studien min syner at NAV innhentar barneperspektivet gjennom foreldra, noko som kan føre til at barnas behov for hjelp ikkje i stor nok grad blir fanga opp. Vidare syner studien min at barnevernet sjeldan ser familiar sine problem i relasjon til levekår, noko som kan føre til at barnevernet ikkje ser heile bilete av kva som kan skape vanskar i ein familie, noko som også kan hemme barneperspektivet.

I min studie kom det også fram forståingar som kan tyde på at begge tenestene på eit vis er fanga i institusjonelle logikkar, der tenestene si oppfatning av verkelegheita saman med rammene for utøving av praksis, kan påverke handlingsrommet for utforsking av barneperspektivet og kva hjelp som blir tilbydd.

Studien min synleggjer at barneperspektivet er mangelfullt i begge tenestene, og den hjelpa som blir tilbydd nå er lite konkretisert og er ikkje tydeleg ansvarsplassert. Det å sjå barn og familiar i ein større kontekst, vil etter mi meining være avgjerande for både kartlegging og tilrettelegging av hjelpetilbod. Den heilskapelege tenkinga kring barn som veks opp i fattigdom er mangelfull hjå begge tenestene, og min studie kan etter mi meining danne grunnlag for å stille spørsmålsteikn ved organiseringa av tenestene, eller hjelpetilbodet til låginntektsfamiliar.

Eg vil avslutte med å sitere ei av informantane frå Nav som i utgangspunktet summerer opp noko av mine egne tankar etter denne studien:

«Vi har jo eit ansvar for å sikre desse barna mot svolt og elendigheit, men korleis vi skal nå disse ungane og bygge dei opp slik at dei blir «gangs menneske» når dei blir vaksne, det er eit arbeid som krev mykje innsats over langt tid. Og viss foreldra på eit eller anna vis sviktar, enten det er med styring av pengar eller å forstå barna sine behov, så syns eg det er veldig krevjande. Då syns eg Nav skulle vore organisert på ein anna måte. At Nav, barnevern og helsestasjon var ei eining»

Litteraturliste

- Andenæs, A. (2004). Hvorfor ser vi ikke fattigdommen? Fra en undersøkelse om barn som blir plassert utenfor hjemmet. *Nordisk sosialt arbeid*, 24(01), 19-33.
https://www.idunn.no/file/pdf/33196411/nsa_2004_01_pdf.pdf
- Andreassen, T. A. & Fossetøl, K. (2014). Utfordrende inkluderingspolitikk - Samstyring for omforming av institusjonell logikk i arbeidslivet, helsetjenesten og Nav. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 55(02), 174-202.
- Arbeids- og velferdsdirektoratet. (2012). *Rundskriv til Lov om sosiale tjenester i NAV. (R35-00)*. (Rundskriv). Lovdata: <https://lovdata.no/nav/rundskriv/r35-00>
- Arnstein, S.R. (1969). A ladder of Citizen Participation. *Journal of the American Institute of Planners*, 35 (4), s. 216 – 224. DOI: [10.1080/01944366908977225](https://doi.org/10.1080/01944366908977225)
- Ask, T.A. & Sagatun, S. (2020). Frontline Professionals Performing Collaborative Work with Low-Income Families: Challenges across Organizational Boundaries. *NJSR - Nordic Journal of Social Research*. Vol. 11. s. 1-40. <https://doi.org/10.7577/njsr.2223>
- Barnekonvensjonen. (1989). *Konvensjonen om barns rettigheter (20-11-1989 nr. 1 Multilateral)*. Lovdata: <https://lovdata.no/lov/1992-07-17-100>
- Barnevernloven. (1992). *Lov om barneverntjenester (LOV-1992-07-17-100)*. Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100>
- Bjørgum, F. (2020). *En kvalitativ studie om hvordan barnevernsarbeidere involverer barnet i saker hvor det er mistanke om seksuelle overgrep*. Masteroppgave. Universitetet i Stavanger.
- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3 (2), 77-101. <https://dx.doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2018, 23.juli). *Barn i lavinntektsfamilier*. Bufdir.no. https://bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. (2018). Fattigdom – *veileder for tverrsektorielt arbeid for barn som lever i fattigdom*. Bufdir.no.

https://bufdir.no/fagstotte/produkter/fattigdom_veileder_for_tverrsektorielt_arbeid_for_barn_som_lever_i_fattigdom/

Cahill, H. & Dadvand, B. (2018). Re-conceptualising youth participation: A framework to inform action. *Children and Youth Services Review*, 95, 243-253.

Chudasama, K. M. (2017). *Brukermedvirkning og sosialt arbeid i NAV*. Universitetsforlaget.

Conger, R.D., Ge, X. J., Elder, G.H., Lorenz, F.O., & Simons, R.L. (1994). Economic stress, coercive family process, and developmental problems of adolescents. *Child development*, 65 (2), 541-561. Hentet fra https://www.jstor.org/stable/1131401?seq=1#page_scan_tab_contents

Cudjoe, E., Uggerhøj, L. & Abdullah, A. (2020). «We are consultants, not collaborators”: Young people`s experiences with child protection meetings in Ghana. *Children and Youth Services Review*, 109, 104748. <https://doi.org/10.1016/j.childyouth.2020.104748>

Friedland, R. & Alford, R. (1991). Bringing society back in: Symbols, practices, and institutional contradictions. In Walter W. & DiMaggio P. (Red.). *The new Institutionalism in Organizational Analysis*. Chicago, IL: University of Chicago Press, s. 232-263.

Hart, R.A. (1992). Ladder of participation. UNICEF *Children`s participation: From tokenism to citizenship*.

Hart, R.A. (2008). Stepping Back from « The Ladder»: Reflections on a model of Participatory Work with Children. In *Participation and Learning*, s. 19-31. Springer. <https://www.researchgate.net/publication/316118875>

Hyggen, C., Brattbakk, I., & Borgeraas, E. (2018). *Muligheter og hindringer for barn i lavinntektsfamilier - En kunnskapsoppsummering*. (NOVA Rapport 11/2018). Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. <https://Oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/20.500.12199/5129/Nettutgave-NOVA-Rapport-11-2018-Muligheter-og-hindringer-.pdf?sequence=1>

Kane, A.A., Neverdal, S. & Stenberg, O. (2018). Barnets rett til en forsvarlig levestandard. *FONTENE Forskning* 1/2018. Årgang 11, s. 17 – 29. <https://fonteneforskning.no/pdf-15.80743.0.3.5b94b044bc>

- Kojan, B.H. & Storhaug, A. (red.). (2021). *Barnevern og sosioøkonomisk ulikhet – sammenhenger, forståelser og ansvar*. (Rapportserie for sosialt arbeid, rapport nr. 6). NTNU – Institutt for sosialt arbeid.
https://ntnu.no/documents/1272526675/1281525946/101471_ntnu_Barnevernsrapport_dig_pdf/89919b9f-da71-13e1-cdaa-48e6cd2a01de?t=1636551839182
- Kristofersen, L.B. (2019). Barnefattigdom og barn i lavinntektsfamilier: Begrepsdrøfting og forskningskunnskap. *NOVA notat 2/2019*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring. <https://hdl.handle.net/20.500.12199/1304>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2018). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utgave). Gyldendal Akademisk.
- Malone, K. & Hartung, C. (2010). A handbook of children and young peoples` participation: Perspectives from theory and practice. Piercy-Smith, B. & Thomas, N. (Red), *Challenges of participatory practice with children*, Rotledge, Abingdon, s. 24-38.
<https://www.researchgate.no/publication/292738683>
- Malterud, K. (2018). *Forskningsmetoder for medisin og helsefag* (4. utgave). Universitetsforlaget.
- Nilsen, S. (2017). *Metateori i praksis*. Forelesning ved Høgskulen i Bergen.
<https://omhelse.no/metateori>
- Ocasio, W., Thornton, P.H. & Lounsbury, M. (2017). Advances to the Institutional Logics Perspective. *The SAGE Handbook of Organizational Institutionalism*. s. 509 – 531.
- Oterholm, I. (2018). Barnevernet og Nav – ulike institusjonelle logikker. *FONTENE forskning 2/2018*. Årgang 11, s. 4-17. <https://fonteneforskning.no/pdf-15.73746.0.3.fb94d9459f>
- Oterholm, I. (2015). *Organisasjonens betydning for sosialarbeideres vurderinger*. (Doktorgradsavhandling). Høgskolen i Oslo og Akershus.
- Forandringsfabrikken. (2011). *PengeProffene – Råd til Norge om dårlig råd*. Redd barna og Forandringsfabrikken. <https://www.forandringsfabrikken.no/rapport-pengeproffene-2011//>

- Redmond, G. (2008). Children`s perspective on economic adversity: A Review of the Literature. *Innocenti Discussion Paper No. IDP 2008-01*. Florence: UNICEF Innocenti Research Centre. https://www.unicef-irc.org/publications/pdf/idp_2008_01.pdf
- Rugkåsa, M. & Bergheim, B. (2020). Betydningen av barns deltakelse i bekjempelse av fattigdom. *Tidsskrift for velferdsforskning*, årgang 23, s. 157-169. <https://doi.org/10.18261/issn.0809-2052-2020-03.01>
- Sandberg, K. (Red.). (2016). *Barnekonvensjonen – Barns rettigheter i Norge* (utg. 3). Universitetsforlaget.
- Sandbæk, M. (2004). Barn i hjelpeapparatet – kompetente og sårbare aktører. *Nordisk sosialt arbeid*, 24 (2), 98 – 109.
- Seim, S., & Larsen, H. (2011). Barnefattigdom i et rikt land. Kunnskapsoppsummering om fattigdom og eksklusjon blant barn i Nore. *Hio-rapport 2011*, 10. <https://www.skriftserien.oslomet.no/index.php/skriftserien/article/view/560/193>
- Skivenes, M. og Strandbu, A. (2006). A Child Perspective and Children`s Participation. *Children, Youth and Environments*, vol. 16 (2), s. 10-27. <https://www.jstor.org/stable/10.7721/chilyoutenvi.16.2.0010>
- Sosialtjenesteloven. (2009). Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen. (LOV-2009-12-18-131). Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=Lov%20om%20sosiale%20tjenester>
- Statistisk sentralbyrå (2021), *115 000 barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt*. <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/115-000-barn-i-husholdninger-med-vedvarende-lavinntekt>
- Strandbu, A. (2011). Barns deltakelse. Hverdagslige og vanskelige beslutninger. Universitetsforlaget.
- Thagaard, T. (2019). *Systematikk og innlevelse - en innføring i kvalitative metoder* (5. utgave). Fagbokforlaget.

Thornton, P.H., & Ocasio, W. (2008). Institutional logics. The Sage handbook of organizational institutionalism, 840(2008), 99-128.

Tjora, A. (2021). *Kvalitativ forskningsmetoder i praksis* (4. utgave). Gyldendal Akademisk.

Thornton, P.H. & Ocasio, W. (2008). Institutional Logics. In Royston Greenwood, Christine Oliver, Roy Suddaby & Kerstin Sahlin (Red.). *The SAGE handbook of organizational institutionalism* (s. 99-129). Los Angeles: Sage.

Van Biljeveld, G.G., Dedding, C.W., & Bunders-Aelen, J.F. (2015). Children`s and young people`s participation within child welfare and child protection services: A state-of-the-art review. *Child & Family Social Work*, 20(2), 129-138. <http://dx.doi.org/10.1111/cfs>.


Westby, L.C. (2021). *Sårbare barnefamiliers erfaringer fra møter med norsk barnevern: en narrativ studie*. Doktorgradsavhandling ved Høgskulen i innlandet, 2021.

Wilks, T. (2004). *The Use of Vignettes in Qualitative Research into Social Work Values*. *Kvalitativt Sosialt Arbeid: QSW: forskning og praksis*, 2004 – 03, Vol. 3 (1), s. 78-87.

Vedlegg 1: NSD – godkjenning

Meldeskjema / NAV og barneverntenestene si forståing og erfaring med barns levekår, og betydningen av barns medverknad i arbeidet med ... / Vurdering

NSD sin vurdering

 Skriv ut

Prosjekttittel

NAV og barneverntenestene si forståing og erfaring med barns levekår, og betydningen av barns medverknad i arbeidet med familiar med låg inntekt.

Referansenummer

819010

Registrert

09.09.2020 av Anne Vibeke Barkved - 031112@stud.hvl.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap / Institutt for samfunnsvitskap

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Tone Jørgensen, tone.jorgensen@hvl.no, tlf: 57676260

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Anne Vibeke Barkved, annevibeke24@hotmail.com, tlf: 97655362

Prosjektperiode

01.09.2020 - 01.12.2021

Status

02.03.2021 - Vurdert

Vurdering (2)

02.03.2021 - Vurdert

NSD har vurdert endringen registrert 09.02.2021.

Vi har nå registrert 01.12.2021 som ny sluttdato for behandling av personopplysninger.

NSD vil følge opp ved ny planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Karin Lillevold
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

18.09.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 18.09.2020, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

MS1-307, kandidatnummer 301, 01.12.2021

https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 21.05.2021.

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1 f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Karin Lillevold
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Vil du delta i forskningsprosjektet

«NAV og barneverntenestene si forståing og erfaring med barns levekår, og betydningen av barns medverknad i arbeidet med familiar med låg inntekt»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskningsprosjekt kor formålet er å få ei større forståing og kunnskap om erfaringer Nav og barneverntenesta har når det gjelder arbeidet med familiar med låg inntekt, med særleg fokus på barneperspektivet. I dette skrivet gjer eg informasjon om mål for prosjektet og kva deltaking vil innebære for deg.

Formål

Mitt navn er Anne Vibeke Barkved. Eg er 39 år og utdanna barnevernspedagog. Eg har ca. 16 års arbeidserfaring frå kommunalt barnevern, barneverninstitusjon og arbeid innan psykisk helse. No er eg tilsett som seniorrådgjevar på avdeling barnevern hjå Fylkesmannen i Vestland. Eg er student ved Høgskulen på Vestlandet og tek mastergrad i samhandling innan helse- og sosialtenester. Dette forskningsprosjektet er mi masteroppgåve. Formålet med studien min tek utgangspunkt i at barnefattigdommen aukar i Norge, og at det er funne ei samheng mellom familien sin økonomiske situasjon og barn og unge si psykiske helse. Mange av desse familiane kjem i kontakt med både NAV og barneverntenesta, to tenester som jobber ut i frå ulike lovverk og med ulikt fokus på barns medverknad. Eg ønskjer å finne meir kunnskap om korleis barneverntenesta og NAV forstår si eiga rolle og mandat i forhold til barns levekår, og korleis dykk utforskar denne tematikken i møte med desse familiane. Eg ønskjer med dette prosjektet å utvikle kunnskap om korleis NAV og barneverntenesta forstår barns medverknad og korleis barnets perspektiv blir utforska i arbeidet med familiar med låg inntekt.

Problemstillinga mi er som følgjer:

«Korleis forstår og praktiserer barnevernet og NAV barns medverknad i arbeid med familiar med låg inntekt»

Ut i frå problemstillinga mi har eg formulert tre forskningsspørsmål:

- ✓ Korleis vurderar NAV og barneverntenesta sitt ansvar, mandat og rolle ifht familieøkonomi/barns levekår? – og korleis erfarar dei samarbeidet mellom tenestene i møte med desse familiane/barna?
- ✓ Korleis blir barnets perspektiv utforska i arbeidet med familia med låg inntekt i dei to tenestene?
- ✓ Korleis begrunner NAV og barnevernet sin praksis for utforskning av barnets perspektiv?

For å få svar på desse spørsmåla ønskjer eg å gjennomføre to fokusgruppeintervju, eit med informantar frå barneverntenesta og eit med informantar frå NAV. Eg ønskjer i etterkant av fokusgruppene å ha to individuelle intervju med leiarane for desse to tenestene.

Kven er ansvarleg for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet. Rettleiar og prosjektansvarleg er Tone Jørgensen, førsteamanuensis ved Høgskulen på Vestlandet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Eg ønskjer å få kontakt med eit NAV kontor og ei barnevernteneste i same kommune. Eg har blitt inspirert av Chapar-prosjektet og deira arbeid med å utforske samarbeidet mellom NAV og barneverntenestene i arbeidet med familiar med låg inntekt. Eg ønskjer å bruke samme kommunen som «case» for utforskning av mine problemstillingar, då eg vil tru at de ved deltaking i chapar-studien sin forskningssirkel har reflektert rundt korleis de jobber og samarbeidar kring desse familiane.

Hva innebærer det for deg å delta?

Viss de velg å delta i prosjektet mitt, innebærer det at din teneste vil delta på eit fokusgruppeintervju, der eg ønskjer minimum tre informantar frå kvar teneste. Intervjuet vil ta ca. 1,5 time, og vil bli tatt opp med bandopptakar. Eg vil direkte etterpå transkribere intervjuet, der eg også vil anonymisere informantane. Intervjuet vil bli lagra på Høgskulen på Vestlandet sin forskningsserver, og opptaka vil bli sletta rett etter at dei blir transkribert.

I fokusgruppene ønskjer eg ut frå problemstillinga og forskningsspørsmåla å invitere til diskusjon og refleksjon mellom deltakarane.

Personvern

Både eg som student og dykk som informantar har ansvar for å gjennomføre intervjuet på ein slik måte at det ikkje samles inn opplysningar som kan identifisere enkeltbruker, klienter eller barn. Dette gjelder ikkje berre navn, men også alder, kjønn, sted, diagnoser og eventuelle særskilte hendingar. Eg vil kunne be om eksempel på typiske problemstillingar i dykkar arbeidskvardag og eksempel på praksisar. Det er viktig at vi ikkje går inn på konkrete saker.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgi nokon grunn. Alle dine personopplysningar vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare velger å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker dine opplysningar

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Eg vil ha tilgang til materialet i tillegg til min rettleiar og prosjektansvarleg Tone Jørgensen ved Høgskulen på Vestlandet.
- Alle personopplysningar og transkriberte intervju vil umiddelbart lagt inn på Høgskulen på Vestlandet sin forskningsserver, og opptaka vil bli sletta.

Oppgåva mi blir ikkje skriven der dykk vil kunne gjenkjenne dykk sjølv, meiningane blir utdypa som ein del av tenesta og ikkje personleg. Eg er oppteken av dykkar praksis og det de vil fortelje meg om dykkar erfaringar. Eg vil kunne velge ut direkte sitat som eg gjengir i teksten dersom det vurderast til å belyse problemstillinga mi, men det vil ikkje kome fram kven som har sagt dette.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Opplysningene anonymiseres når prosjektet avsluttes/oppgaven er godkjent, noko som etter planen er i mai 2021. Alle opplysningar blir sletta ved prosjektslutt. Ingen personopplysningar eller arkivering for seinare forskning er aktuelt.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gjer oss rett til å behandle personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra *Høgskulen på Vestlandet* har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kor kan eg finne ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet, student Anne Vibeke Barkved, e-post: annevibeke24@hotmail.com, tlf: 97655362. Prosjektansvarlig Tone Jørgensen, e-post: tone.jorgensen@hvl.no.
- Vårt personvernombud: Trine Anikken Larsen, e-post: trine.anikken.larsen@hvl.no, tlf: 55587682.

Viss du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med vennleg helsing

Tone Jørgensen
Forsker/veileder

Anne Vibeke Barkved
Student

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Nav og barneverntenestene si forståing og erfaring med barns levkår, og betydninga av barns medverknad i arbeidet med familiar med låg inntekt*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i Fokusgruppeintervju
- å delta i individuelle intervju

Eg samtykkar til at mine opplysningar behandles frem til prosjektet er avsluttet

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 3: Samtykkeskjema

Samtykkeskjema for tilsette i barneverntenesta/NAV

1. Kva grunnutdanning har du (t.d. barnevernpedagog, sosionom el.l.)

2. Kva årstal fullførte du grunnutdanninga di?

3. Evt. Vidareutdanning?

4. Kor lenge har du arbeid i det kommunale barnevernet/NAV?

5. Kva stilling har du i det kommunale barnevernet/NAV i dag?

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet Nav og barneverntenestene si forståing og erfaring med barns levekår, og betydninga av barns medverknad i arbeidet med familiar med låg inntekt, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i Fokusgruppeintervju
- å delta i individuelle intervju

Eg samtykker til at mine opplysningar behandlast frem til prosjektet er avslutta.

(prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 4: Temaguide fokusgruppe barneverntenesta

Temaguide barneverntenesta

1. Kva legg de i omgrepet barns medverknad i barnevernet? (Kort intro)
2. Kva ansvar har de i barnevernet knytt til familien sin økonomiske utfordringar/levkår, og korleis jobbar de med den problematikken i familien? (hovudfokus)
3. Påstand: Barneverntenesta er gode på å utforske barnets perspektiv i arbeidet med familiar med låg inntekt.
4. Korleis jobbar dykk for å utforske barns erfaringar/opplevingar av økonomi og levkår – kva tema snakkar dykk om og korleis? Ulike fasar av arbeidet (undersøking/tiltak? Er dette vanskeleg å snakke om, er det særskilte utfordringar? (Ikkje bare korleis, men også kvifor)
5. Har dykk konkrete eksempel? Kva vart opplevd som bra, kva kunne vore annleis? Minn deltakarane på at dei ikkje kjem med personidentifiserande opplysningar. (Dette er gode hjelpespørsmål dersom dei ikkje snakkar om dette naturleg)
6. Kva er praksis for samarbeid mellom barnevernet og NAV på systemnivå? Kva er praksis for samarbeid i enkeltsaker?

Vignett:

De mottok ei bekymringsmelding frå NAV som gjeld ein familie med fire born. Barna er 16, 14, 11 og 7 år gamle. Familien leiger eit lite hus. NAV har over tid sett at familien har disponeringsvanskar knytt til deira økonomiske situasjon. Familien har låg inntekt skal i følge NAV har nok pengar til å betale rekningane sine. Foreldra har fleire gonger fått hjelp av NAV til å betale rekningar, og har vanskar med å betale husleige i tide og har strømrrestansar. Nav er kjent med at familien har nok pengar til å klare naudsynte utgifter, men vurderer at foreldra prioriterar feil, og er bekymra for at dette går utover borna.

Dette gjer NAV bekymra for barnas omsorgssituasjon. Reflekter over kva de tenker om familien sin situasjon. Korleis ville de gått vidare i denne saka? Kva vil være barneverntenesta sitt ansvar i denne saka? Ville de ha samarbeida med NAV her, eventuelt korleis?

Vedlegg 5: Temaguide fokusgruppe NAV

Temaguide NAV

1. Kva legg de i begrepet barns medverknad i NAV?
2. Kva ansvar har NAV for utforsking av barns perspektiv når de lev i familiar med låg inntekt? Og korleis jobbar de eventuelt med dette?
3. Påstand: Nav er gode på å utforske barnets perspektiv i sitt arbeid med familiar med låg inntekt.
4. Korleis blir det lagt til rette for at barn får snakke om sin situasjon i dykkar teneste?
5. Kva er den største utfordringa knytt til barns medverknad slik de ser det?
6. I dykkar arbeid med desse familiane, på kva måte er det viktig å få fram barnets perspektiv/barnets stemme? Og er det særskilte utfordringar knytt til barns medverknad i dykkar arbeid med disse familiane?
7. Har de eksempel på erfaringar med å jobbe med barns medverknad der det har fungert godt, og omvendt? Minn deltakarane på at de ikkje kjem med personidentifiserande opplysningar. (Gode hjelpesprsmål dersom de ikkje kjem inn på dette når dei drøftar).
8. Kva er praksis for samarbeid mellom barnevernet og NAV på systemnivå? Kva er praksis for samarbeid i enkeltsaker?

Case:

Einsleg mor søker NAV om stønad til livsopphald. Ho er aleine om omsorga for to barn. Til NAV fortel ho at ho strever med å gje barna det dei treng og har behov for. Barna er ikkje på noko fritidsaktivitet. Ho seier at den eldste sønnen hennar har lyst til å begynne på fotball, men både avgift og fotballutstyr er for dyrt. Ho har heller ikkje råd til å kjøpe mobiltelefon til han, noko som gjer at han hamner utanfor med venner og klassekameratar, då dei ofte kommuniserer via sosiale media. Mor fortel at særskilt det eldste barnet hennar har ein del sosiale vanskar, samt strever med å konsentrere seg på skulen. Mor kjenner seg sliten av alt ansvaret og seier at den krevjande økonomiske situasjonen hennar tek opp mykje energi som ho i staden for burde ha brukt på barna.

Reflekter over kva de tenker om familien sin situasjon. Korleis ville de handtert denne saka? Kva ville være NAV sitt ansvar i denne saka? Ville de har samarbeida med barneverntenesta her, eventuelt korleis?

Vedlegg 6: Intervjuguide leiing NAV og barneverntenesta

Intervju leiar NAV og barneverntenesta

1. Kva ansvar har NAV/barnevernet for barneperspektivet/barns medverknad i sitt arbeid?
2. Kva rutinar/system har de for å sikre barneperspektivet i sitt arbeid?
3. Har de søkelys på dette tema i arbeid med fagtuvikling? Evt. Korleis?
4. Kompetanseutvikling?
5. utfordringar?
6. Korleis samarbeider de med barneverntenesta/NAV på systemnivå?
7. Kva fungerer bra med samarbeidet?
8. Kva kunne fungert betre?
9. Kva vil du seie er dei største utfordringane i høve samarbeid med barnevernet/NAV?
10. Kva tenker du er NAV/barnevernet sitt ansvar i familiar de er inne i som treng økonomisk hjelp? Kva er NAV sitt ansvar og kva er barnevernet sitt ansvar?